Aukra kommune

Aukra – full av energi

Vedteke Budsjett 2018
Økonomiplan 2018-2021

ePhorte: 2017/481-21
Vedteke i: K-sak 98/17

Innhald

Innleiing til budsjett 4
Organisering 7
Politisk struktur 7
Administrativ struktur 8
Administrativ organisering per 01.01.2018 9
Plan – og styringssystem 10
Framskriven folkemengd, etter statistikkvariabel, tid, alder og region 13
Økonomistatus i Aukra kommune 14
Netto driftsresultat 15
Budsjettert bruk og avsetning til fond i 2016 – 2021 15
Utvikling i kommunen sitt gjeldsnivå 16
Finansutgifter i økonomiplanperioda 16
Statlege rammevilkår 17
Inntektssystemet 17
Inntektsutjamning 17
Utgiftsutjamning 18
Frie statlege inntekter i 2018 - rammetilskot og skatt på inntekt og formue 19
Rammetilskot - endringar i 2018 (sum på makro-nivå i 1000 kr) 19
Frie inntekter i budsjett og økonomiplanperioden 20
Aukra kommune sitt rammetilskot: 20
Skatt på inntekt og formue 20
Utvikling i utgiftsnivå og fordeling til drift 20
Eigedomsskatt 21
Endring i eigedomsskatt i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 21
Budsjettkriterier 22
Renteutgifter 22
Arbeid med kostnadsreduksjon 23
Kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar i 2018 24
Drift – Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 25
Budsjettskjema 1A og 1B 25
Drift – økonomiske oversikt budsjett og økonomiplan 2018-2021 26
Samla oversikt over tilrådde tiltak inn i budsjett og økonomiplan 27
10 Sentrale styringsorgan 28
10.1 Politiske organ, rådmannen, kommunalsjefane og serviceavdelinga 28
10.3 Økonomiavdelinga 31
10.4.Organisasjonsavdelinga 33

10.7 Barnevern 35
10.8 Pedagogisk rådgjevar 36
10.9 Tilskot GassROR iks, revisjon med meir 38
20 Gossen barne- og ungdomsskole 39
21 Julsundet skole 42
22 Barnebo barnehage 44
23 Bergetippen barnehage 46
24 Innvandring og integrering 49
25 Kultur 52
30 Eining institusjonstenester 56
32 Eining heimetenester 60
40 Helse 62
50 NAV 64
Omorganisering av eining 60 og 62 67
60 Plan, utvikling og samfunn 68
62 Teknikk, eigedom og brann 70
Investering - Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 72
69 Utbyggingsavdelinga (UTB) 72
Budsjettskjema 2A og 2B 73
Investering – økonomiske oversikter budsjett og økonomiplan 2018 – 2021 74
Investeringar – store tiltak 75
Investeringar – små tiltak 79
Investeringstiltak samanlikna med budsjett og økonomiplan 2017-2020 83
Saksframlegg med politisk innstilling og vedtak 85
Vedlegg 90
Kostra 90
Sjølvkost 114

Innleiing til budsjett

Kommuneplana sin samfunnsdel som no er under arbeid, er eit viktig dokument som politikarane skal vedta i 2018. Plana legg føringar for fleire år framover, og vil vere eit av dei viktigaste styringsdokumenta som politikarar og administrasjon skal nytte i sitt utviklingsarbeid. Det har vore fleire planleggingsmøte og det kjem folkemøte. Innspela som kjem skal nyttas for å danne grunnlag for den endelege utforminga av planen.

Det er sjølvsagt at planen vil ha i seg tema som gode tenester til innbyggjarane, oppretthalding av faglege gode interkommunale samarbeid og sjølvsagt er fastlandsløysinga eit av hovudmomenta inn i plana. Det er no mykje av framtida for Aukrasamfunnet vert planlagt.

Ei utfordring for kommunen kan kome allereie i starten på denne planperioden, det er endringar i eigedomsskattereglane. Her har det år om anna vore innspel frå sentrale politiske organ om at no er det krav om omlegging av eigedomsskattesystemet. Eit godt arbeid med å synleggjere konsekvensar av at skatten vert endra, har gjort at saka ikkje har kome opp. Aukra kommune har spela ei viktig rolle i dette arbeidet. Men i statsbudsjettet for 2018 har det kome nytt forslag om endring, noko som kan ha betyding for Aukra kommune. Dette vil vi kome attende til i saksframlegg og orienteringar så snart det let seg gjere.

Hausten 2015 tinga eit einstemmig kommunestyre reduserte driftskostnadar på i alt 8 % i 3-årsperioden 2017-2019. Reduksjonen skulle omfatte alle tenesteområde.

Rådmannen, stabs- og einingsleiarar, og ikkje minst tilsette i stabane og einingane, har jobba hardt for å lukkast med å redusere rammene. I Aukra kommune har vi gode rammer, men det er uansett tøft å kutte.

På nokre område har vi lukkast, på andre ser vi at vi må bruke meir tid. Dette gjeld i særskilt grad innanfor institusjonstenesta i kommunen. Omlegginga frå ein relativt institusjonstung omsorgsprofil, over til ei gradvis innfasing av ei styrka heimeteneste samtidig med innføring av eit heildøgns omsorgstilbod, må vi bruke meir tid på enn kva vi først hadde planlagt. Derfor innstiller rådmannen på å bruke heile komande 4-årsperiode på å fase inn endringane. Dei var tidlegare tenkt fullført i 2019. Det er viktig å seie at plana for framtidig drift – og pengebruk – innan pleie- og omsorgsområdet står ved lag.

Det er, trass i utfordringane knytt til driftsomlegginga i pleie og omsorg, viktig å seie at vi på mange område har lukkast med å ta ned budsjetta. Særskilte tiltak knytt til t.d. særskilt ressurskrevjande brukarar og lønsoppgjera er då haldne utanfor. I våre to barnehagar hadde vi i 2016 eit samla driftsbudsjett på ca. 26,9 mill. I perioden 17-19 tek vi ned drifta med 2,1 mill., ein reduksjon på 7,8 %. Skolane og pedagogisk rådgjeving hadde ei ramme i 2016 på 56 mill. Den vert i same 3-årsperiode redusert med 7,6 %. Planlagt reduksjon i Kultur er på 7,9 %, i planavdelinga på 7,3 % og i TEB på 7,8. Slik kunne vi halde fram. Eg viser elles til eigen omtale av kostnadsreduksjonsprosessen seinare i dokumentet. Der er det òg ein tabell som viser det enkelte driftsområde og eining sine «bidrag» til redusert driftsrammer.

Når botnlinja i budsjettet for 2018 likevel ikkje viser nedgang i kostnadar/planlagt budsjett, skuldast det mange tilhøve. Dei viktigaste er sjølvsagt auka lønskostnadar, stor auke i behov på barnevernsområdet, endringar på lege og legevaktordningar i Helse, og som nemnt ei forseinking i innfasinga av ny omsorgsstruktur.

I 2016 og 2017 har politikarane og administrasjon i fellesskap vore einige om at drifta skulle endrast til eit lågare nivå. Det er berre når vi går saman om slike utfordringar at vi kan lukkast. Rådmannen ser at einingane har arbeidd godt, sjølv om det framleis står att ein del. Vi kan likevel seie at vi no har snudd drifta til å ha eit sunnare driftsnivå.

Det er framleis slik at vi brukar for mykje av eigedomsskatteinntektene inn i drifta, og vi har eit stykke igjen å gå før vi kan seie at vi kan drifte våre tenester om lag på same nivå som kommunar kring oss. Vi ser at det no kjem færre meldte tiltak frå einingsleiarane, noko skuldast at dei legg om drifta til eit nivå som er meir tilpassa den ramma dei har. Ei omstilling av tenestene krev innsats av alle og her har einingsleiarane med sine medarbeidar gjort mykje godt arbeid.

I Aukra som i mest alle andre kommunar vil dei totale driftsutgiftene til tenestene få ei dreiing mot auka kostnadar i pleie og omsorgstenestene. Rådmannen har ikkje tru på at dette området skal ta mindre del av dei totale rammene i åra som kjem. Samstundes vil eg vere klar på at heller ikkje dette området kan gå klar av å måtte tenkje effektivitet i drifta si. Eg har stor tru på at driftsomlegginga vi no legg opp til, og med innføringa av heildøgns omsorgsplassar som eit nytt tenestenivå i kommunen, vil bidra til effektiviteten.

Som for 2017 har statsbudsjettet for 2018 i seg med anna ei satsing på tidleg innsats i skule og auka kompetanse i barnehage. For skule sin del er dette allereie innarbeidd i rammene til einingane.

I 2018, eller seinast frå 2019, vil Aukra mest sannsynleg måtte inn i eit nytt legevaktsamarbeid. Vurderingar kring ambulansebåt og beredskapsferje vil måtte gjerast. Dette vil òg ha økonomiske konsekvensar i seg som går ut over dei vi allereie har sett.

Omstillingsprosessar skjer for tida i alle einingar. Det kjem nye og endra krav mest på alle fagområde. I alt omstillingsarbeid vil det vere viktig å ha med seg dei etiske vurderingane. Rådmannen ønskjer at organisasjonen skal ha eit sterkare fokus på det framover.

Det vert lagt fram for politisk behandling ei sak om digitaliseringsstrategi, eit felles dokument for ROR-kommunane. I mest alt vi gjer av tenesteproduksjon har det i seg ein digital ressurs like fullt som ein menneskeleg ressurs. Vi må vere tydeleg på at den digitale kvardagen vil endre våre måtar å utføre arbeidet på.

Omstillingsmidlar vert brukt m.a. i digitaliseringsarbeidet. Når vi går inn i neste års budsjett vil vi har ei betre totaloversikt på kva midlar vi treng til digitalisering i vår kommune framover. Vi kjem då med ein betre oversikt på kva for økonomiske midlar vi bør legge inn i rammene for dei komande åra. Då vil vi kunne legge fram forslag i tråd med vedteken digitaliseringsstrategi og tilhøyrande handlingsplan. Handlingsdelen vil bli rullert kvart år, medan digitaliseringsstrategien har eit fireårs-perspektiv.

Regjeringa har høge ambisjonar om å fornye, forenkle og forbetre offentleg sektor, samstundes med at innbyggjarane og næringsliv har forventningar om ein enklare kvardag. Innbyggjarane skal derfor møte ein meir effektiv og brukarretta offentleg forvaltning gjennom at arbeidsformer og oppgåver vert forenkla og forbetra. Kommunen må tilpasse seg endringane i samfunnet, og desse endringane må samsvare med innbyggjarane og næringslivet sine behov. Ut frå Regjeringa si satsing, må målet vere at innbyggjarane skal gå for eit digitalt førsteval når dei har behov for kontakt med kommunen, og at kommunen skal leggje til rette for dette ved å innføre gode digitale løysingar som er tilgjengeleg 24 timar i døgnet 7 dagar i veka.

Det er mange utfordringar og gode tiltak som vert fremja i dette budsjettet. Det er kostnadskrevjande å drifte kommunen. Vi får til gjengjeld tenester av god kvalitet som kjem

innbyggjarane til gode. Vi har medarbeidarar med god kompetanse og vi gje fleire medarbeidarar mulegheiter til utvikling og vidareutdanning.

Med dette legg rådmannen fram sitt forslag til budsjett for 2018 og økonomiplan for perioden 2018 - 2021.

Aukra, 19.10.2017

Ingrid Husøy Rimstad

Rådmann

Organisering

Politisk struktur

Aukra kommune sin politiske styringsstruktur er formannskapsmodellen. Formannskapet er sett saman av kommunestyret sine representantar, og spelar ei avgjerande rolle ved at utvalet er plassert mellom fagutvala og kommunestyret i saksbehandlinga. Dette har ført til at formannskapet har ei nøkkelrolle i vedtaksprosessane i kommunane, og skal gje innstilling til kommunestyret før endeleg vedtak.

Kommunestyret (21 medlemmar) er kommunen sitt øvste politiske organ, og fattar vedtak på vegne av kommunen, så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Politisk organisering per 01.01.18



Kommuneplanutval, Kontrollutval og Klageutvalet er lovpålagte organ. Det same er Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma.

Formannskapet er tildelt avgjerdsmynde i alle saker der det er høve til å delegere i samsvar med kommunelov og særlov og som ikkje er lagt til anna organ eller rådmann. Alle saker med økonomisk innhald som skal handsamast i kommunestyret utover årsbudsjettet, skal som hovudregel først fremjast for formannskapet. Formannskapet vedtek innstilling i saka. Formannskapet er kommunen sitt kommuneplanutval og behandlar saker etter til Plan- og bygningsloven. Utvalet er rådføringsorgan for rådmannen i nemnde plansaker. Utvalet gir høyringsuttale i lokale, regionale og nasjonale saker (høyring, plansaker, lovproposisjonar med meir).

Livsløpsutvalet, drift- og arealutvalet og administrasjonsutvalet er med heimel i kommunelova § 10 nr. 2 delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker innanfor sitt ansvarsområde der ikkje anna følgjer av lover, forskrifter og vidare, eller der ikkje andre er gjeve mynde. I saker der utvala ikkje har mynde til å avgjere saker innan sitt ansvarsområde, skal dei normalt behandle sakene før desse vert lagt fram for overordna organ. Utvala har og delegert mynde etter andre lover, forskrifter og retningsliner, jamfør delegeringsreglementet.

Utvala vert delegert mynde til å opprette og legge ned komitear/ arbeidsutval, til å førebu behandling av saker og til å utføre særskilde verv, jamfør kommunelova § 10 nr. 5 og nr. 6.

Administrativ struktur

Aukra kommune er administrativt organisert i to fullmaktsnivå, rådmannen og einings- og stabsleiarane.

Rådmannen er kommunen sin øvste administrative leiar, og er ansvarleg for saksutgreiingar for folkevalde organ og iverksetting av politiske vedtak. Rådmannen sitt ansvar og mynde er nærare gjort greie for i kommunen sitt regelverk for delegering av mynde til Rådmannen, vedteke i K-sak 106/12 og revidert i K-sak 16/14.

Einings- og stabsleiarane er ansvarlege for sine verksemder innanfor ramma av dei fullmakter som er delegert frå rådmannen. Det betyr at einingsleiarane har nødvendig mynde til å sikre einingane si drift både når det gjeld fag, økonomi og personaloppgåver.

Kommunen si verksemd er inndelt i 12 tenesteområder, 3 stabsområder og ei utbyggingsavdeling, jf. organisasjonskartet på neste side i dokumentet.

Administrativ organisering per 01.01.2018



Plan – og styringssystem

Frå: Rettleiar økonomiplanlegging i kommunar og fylkeskommunar:

«Kommuneplanen er det overordna styringsdokument i kommunen der alle viktige mål og oppgåver i kommunen er beskrive. Kommuneplanen er delt i en samfunnsdel med handlingsdel, og en arealdel. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal være grunnlag for sektorane sine planar og verksemda i kommunen. Handlingsdelen skal seie noko om korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei fire påfølgande år eller meir, og reviderast årleg. Økonomiplanen (kommuneloven § 44) kan inngå i handlingsdelen i kommuneplanen (plan- og bygningsloven § 11-1).

Økonomiplanen tek utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordingar og angir korleis kommunen skal anvende sine ressursar for å nå vedteke politiske mål. Årsbudsjettet er som regel første året i økonomiplanen, og beskriv ressursfordelinga i detalj for det gjeldande året, mens årsregnskapet summerer opp korleis ressursbruken faktisk blei. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjes opp over tid. Samtidig må det planleggast for at tiltak som vert vedteke i årsbudsjettet ikkje underminerer den økonomiske balanse på lengre sikt. Difor er ei gjennom-arbeidd og oppdatert økonomiplan vel så viktig som et godt årsbudsjett. Planlegging utover årsbudsjettet er ein føresetnad for god økonomistyring.»

Den kommunale planprosessen er i miljøverndepartementet sin veileder om denne planprosessen framstilt slik på side 9:

Integrert kommuneplanlegging



Figur 2: Ett-årshjulet som en del av handlingsdelen og 4-årshjulet som en del av kommuneplanprosessen.

Det er vidare uttalt at «Handlingsdelen og økonomiplanen er kommunen sine viktigaste verktøy for å sikre god økonomisk planlegging og styring. Handlingsdelen skal vise kommunen sine prioriteringar og kva kommunen skal arbeide med i løpet av dei neste fire budsjettår eller meir. Handlingsdelen angir ressursfordeling og spesifiserer resultatmål og/eller tiltak som er tenkt gjennomført for å følgje opp måla i kommuneplanen». Kommuneplanen vart vedteke i K-sak 44/11 den 16. juni 2011 og gjeld i perioden 2011 – 2020. Det er vedteke desse fire satsingsområda:



Innanfor dei ulike satsingsområda er det sett opp overordna mål, og sagt noko om slik vil vi ha det og slik gjer vi det.

Bygdeutvikling	
Overordna mål: Aukra skal vere attraktiv som bukommune, slik at folk trives og vel å bli i Aukra	
Slik vil vi ha det!	Slik gjer vi det!
Aukra skal vere ein «vi-kommune»	Skape og synleggjere aktivitetar for å styrke «vi-kjensla». Utvikle sentrum med funksjoner/møteplassar som dekker fleire behov Etablere uformelle møteplassar Aukra skal vere ein MOT-kommune
Eit sterkt kultur- og fritidstilbod for alle aldersgrupper	Bygge kulturhus Bygge fleirbrukshus i Julsundet Støtte fritidstilbod og tiltak retta mot den uorganiserte delen av ungdommen Støtte tiltak retta mot unge vaksne (25-45 år)
Legge til rette for eit variert bustadtilbod	Legge til rette for etablering av førstegangsbustadar for ungdom Legge til rette for variert bustadbygging med omsyn til bustadtype og tomtestørrelse

Nærings- og regionsutvikling	
Overordna mål: Aukra skal vere ein meir attraktiv kommune for næringslivet og regionen	
Arbeide for at Aukra skal ha fastlandssamband og forbetra infrastruktur	Avsetting til fastlandsfondet slik at kommunen kan bidra med finansiering. Det skal arbeidast målretta og systematisk med dette. Arbeide med å betre offentleg kommunikasjon fram til fastlandssambandet kjem
Aukra skal ha eit meir mangfaldig næringsliv	Vi skal styrke eksisterande næringsverksemd i kommunen Aukra skal etablere ein "næringshage" og ha kontor ferdig til utleige Aukra kommune skal ha nok industriareal ferdig til sal og utleige, sjø og land Satse meir på reiseliv, handel og service
Styrke regionsamarbeidet	Vår innsats i Gassror IKS med årleg tilskot på 10 % av skatteinntektene er viktig Vere aktiv i aktuelle fora i regionen. Ved endring av infrastrukturen er det naturlig å vurdere

		kommunestrukturen

Tettstad og areal		
Overordna mål: Utvikle Julsundet og tettstaden Falkhytten		
Slik vil vi ha det!		Slik gjer vi det!
Forbetre tettstadane som naturlege møtestadar		Bygge kulturhus og symjehall Vurdere arkitektoniske forbetringar i sentrumsområdet i kommunen. Bygge fleirbrukshall med samfunnshus-funksjonar i Julsundet Fleire bustadar/leilegheiter i og kring tettstaden Falkhytten
Eit betre tilbod på offentleg kommunikasjon til/frå tettstadane		Arbeide for å forbetre busstilbodet Forsøksordning med buss på kveld og helg Stamrute Molde – Hollingsholmen. Arbeide for at det vert betre korrespondanse mellom buss, ferje og fly
Betre tilkomsten til natur- og friluftsområda		Etablere fleire stiar med opparbeidde opphaldsstader for ålmenta Betre skilting og generell informasjon om desse stadane slik at det vert lettare for ålmenta å ta dei i bruk

Kommunale tenester		
Overordna mål: Innbyggarane skal oppleve god kvalitet og kommunen har økonomisk handlefridom		
God informasjonsflyt mellom kommunen og innbyggarane		Bevisst bruk av web og media som informasjonskanalar Utarbeide serviceerklæringar (nivå på tenesta) Gjennomføre brukarundersøkingar
Bevisste prioriteringar		Definere kommunen sine kjernetenester, og ta bevisste val på kva ein ønskjer å ta ansvar for utover desse. Min 50% av driftsresultatet vert avsett på fond for å kunne finansiere investeringar, og å ha reserve til å møte framtidige økonomiske svingingar Netto driftsresultat på min. 10 % av driftsinntektene Ein skal definere klare mål for kva ein vil oppnå med auka ressursbruken utover "normalnivået" på tenesteområder.
Aukra kommune skal vere ein pådrivar i samfunnsutviklinga og ein attraktiv arbeidsgjevar		Interkommunalt samarbeid Regionalt samarbeid Leiarskap Medarbeidarhaldningar Utvikle felles verdigrunnlag Sikre framtidig kompetanse
Utvikle verktøy for styringsinformasjon		Som ein del av det politiske beslutningsgrunnlaget vil det i forkant av budsjettarbeidet bli utarbeida statusrapportar Ta i bruk målstyringsverktøy Utvikle årshjulet

Ny Kommuneplan for Aukra 2018-2025 vil vere på plass medio 2018 og ligge til grunn for neste års budsjett og økonomiplan. Kommuneplana er kommunen sitt langsiktige og overordna styringsverktøy der satsingsområde, mål og strategiar vert vedteke. I tråd med plan- og bygningslova skal det utarbeidast ein handlingsplan om korleis kommuneplana skal følges opp dei fire påfølgande år eller meir. Det er pålagt å gjere årlege vedtak om oppdatering av kommuneplana sin handlingsdel. Økonomiplana etter kommunelova § 44 kan gå inn i denne handlingsdelen, men kan og utformast/vedtakast som eigen sak. Uansett så vil neste års budsjett og økonomiplan innehalde og koblast til kommuneplana på ein anna måte enn dei seinare år sine budsjett og økonomiplanar.

Framskriven folkemengd, etter statistikkvariabel, tid, alder og region

	0 år	1-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-44 år	45-66 år	67-79 år	80-89 år	90 år eller eldre
2017	39	211	363	132	194	1117	900	420	154	34
2018	40	215	366	131	207	1146	889	430	155	30
2019	41	208	364	151	193	1169	901	438	156	36
2020	41	206	355	172	183	1176	923	451	157	32
2021	41	213	353	172	189	1192	928	459	153	36
2025	43	233	338	153	231	1232	974	470	182	45
2030	45	238	354	138	208	1329	1059	444	235	45

Framskriving for ulike aldersgrupper

I tider med store flyktningstraumar og samtidig økonomiske nedgangstider, med mellom anna arbeidsløyse og tendensar til tilbakeflytting til heimland frå tidlegare arbeidsinnvandrar, er det knytt uvisse til korleis folketalet vil utvikle seg framover. Med utgangspunkt i SSB si framskriving av «Høg innvandring» kan ein sjå følgjande utviklingstrekk:

- Ei jamn befolkningsutvikling i prognoseperioden
- Aldersgruppa 80 år og eldre vil oppleve ein markant og stor vekst frå ca år 2025.
- Andelen yngre eldre (67-79 år) vil få ein kraftig vekst fram mot ca år 2025
- Det er venta ein svak vekst i den yngste aldersgruppa (0-5 år), og då særleg frå ca år 2020
- Ungdomsskolealdersgruppa er venta å vekse noko fram mot 2020, kor då veksten vil flate ut
- Tal på barn i grunnskulealder vil svinge litt i prognoseperioden
- Tal på personar i yrkesaktiv alder (20–66 år) vil auke i perioden



Økonomistatus i Aukra kommune

Aukra kommune sin økonomi er svært god, med høge netto driftsresultat og avsetningar til fond. Eigedomsskatten har hatt ei vesentleg auke sidan den vart innført i 2003, og vert i 2018 budsjettert med kr. 240 millionar. Kommunen sine inntekter frå eigedomsskatt utgjer då 42% av samla frie disponible inntekter og gjev ei årleg inntektsauke på 74%.

Ved handsaminga av budsjett for 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 vedtok kommunestyret reduksjon av kommunen sitt utgiftsnivå med om lag 8% berekna ut frå 2016-nivået. Grunnlag for vedtaket var å skape rom for årleg avsetning på kroner 90 mill. til fond for fastlandsløysing. Reduksjonen i utgiftsnivå vart fastsett til kr. 8 mill. i 2017, auka til 16 mill. i 2018 og til akkumulert reduksjon med kr. 21 mill. i 2019.

Innarbeiding av dette vedtaket er gjort greie for under avsnittet «Arbeid med kostnadreduksjon»

Fastlandsløysing

Gjennom ei effektiv kommunikasjonsløysing knytt opp mot framtidige E39, ønskjer Aukra kommune å leggje forholda til rette for ei god samfunnsutvikling. Prosjekteiger er Kjerringsundet AS, som er eit selskap eigd av Aukra og Midsund kommune. Kjerringsundet AS er eit etablert vegselskap med formål å «utarbeide reguleringsplan for ny fylkesveg Gossa-Otrøya i tråd med vedteken kommunedelplan for området, utarbeide finansieringsgrunnlag for utbygging, og sørgje for realisering av utbygginga etter vedtak som er gjort i felles formannskapsmøte og seinare kvar for seg».

Realiseringa av fastlandsløysing har per i dag ikkje økonomisk prioritet hos Fylkeskommune, og kviler difor på kva bidrag Aukra kommune kan yte. Ved behandlinga av budsjett og økonomiplan 2016 - 2019 vart det fatta slik vedtak: «Aukra kommunestyre vil for å kunne realisere prosjektet Kjerringsundet sette av 90 mill. kroner dei kommande 20 åra. For å kunne realisere og i tillegg og kunne utnytte dei moglege synergieffektane som kan ligge til rette for å utnyttast, dersom Møreaksen og Kjerringsundet skal kunne sjåast på og realiserast i samanheng».

Inntekter frå eigedomsskatt vart i 2016 vesentleg høgare enn tidligare føresett i kommunen sitt budsjett. Rådmannen sitt forslag i budsjett- og økonomiplan for 2017 – 2020 om at auka inntekter frå eigedomsskatt vart brukt til å auke avsetninga til fond for fastlandsløysinga vart vedteke. Avsetninga vart derfor auka frå 90 mill. til 124 mill. årleg i økonomiplanperioda. I årets framlagte budsjett- og økonomiplan blir denne igjen føreslått redusert til kr. 120 mill. årleg ut frå ei heilhetleg vurdering av låneopptak, finansiering av investeringar og avsetting til fond.

Fond for fastlandsløysing vil ut frå desse føresetnadane være på kr. 784 mill. ved utgangen av 2021.

Netto driftsresultat

Kommunen sitt netto driftsresultat var i 2016 på 26,5% som er svært høgt. Årsaka til høgt netto driftsresultat er kommunen si årlege inntekt frå eigedomsskatt, som i 2016 utgjorde 40,6% av kommunen sine brutto driftsinntekter. Høge netto driftsresultat er heilt nødvendige dersom ein, i tråd med Kommunestyret sitt vedtak, skal kunne sette av til fond for fastlandsløysing. Netto driftsresultat er i budsjett for 2017 berekna til 23%.

Kommunen vil, ut frå føresetnader som no er lagt inn i budsjettet , dei neste fire åra få eit netto driftsresultat som vil være mellom 25 til 29 prosent. Kravet i kommuneplanen om eit netto driftsresultat på 10% av driftsinntektene vert derfor oppfylt med god margin i heile økonomiplanperioden.





Budsjettert bruk og avsetning til fond i 2016 – 2021

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Disposisjonsfond						
Beholdning 01.01	103 730 918	158 690 171	76 089 871	45 077 684	31 173 874	2 033 292
Bruk av fondet i driftsregnskapet	4 866 131	2 315 000	475 000	475 000	475 000	475 000
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	0	83 921 000	50 376 000	39 859 000	60 069 000	10 259 000
Avsetninger til fondet	59 825 384	3 635 700	19 838 813	26 430 190	31 403 418	35 825 491
Beholdning 31.12	**158 690 171**	**76 089 871**	**45 077 684**	**31 173 874**	**2 033 292**	**27 124 783**
Disposisjonsfond - fastlandsløysing						
Behaldning	117 606 058	203 850 630	323 000 630	434 150 630	549 300 630	664 450 630
Frå ubunde investeringsfond	0					
Bruk av fondet i driftsrekneskapet	3 755 428	4 850 000	4 850 000	4 850 000	4 850 000	4 850 000
Bruk av fondet i investeringsregnskapet						
Avsetninger til fondet	90 000 000	124 000 000	116 000 000	120 000 000	120 000 000	120 000 000
Beholdning 31.12	**203 850 630**	**323 000 630**	**434 150 630**	**549 300 630**	**664 450 630**	**779 600 630**
Bundne driftsfond (m.a. VAR-området)						
Beholdning 01.01	16 378 269	20 073 957	22 568 773	22 810 143	23 051 513	23 292 883
Bruk av fondene i driftsregnskapet	1 061 644	386 000	129 200	129 200	129 200	129 200
Avsetninger til fondene	4 757 331	2 880 816	370 570	370 570	370 570	370 570
Beholdning 31.12	**20 073 957**	**22 568 773**	**22 810 143**	**23 051 513**	**23 292 883**	**23 534 253**
Ubundne investeringsfond						
Beholdning 01.01	5 471 370	5 471 370	5 471 370	5 471 370	5 471 370	5 471 370
Bruk av fondene						
Avsetninger til fondene						
Beholdning 31.12	**5 471 370**	**5 471 370**	**5 471 370**	**5 471 370**	**5 471 370**	**5 471 370**
Bundne investeringsfond						
Beholdning 01.01	1 845 833	875 635	875 635	875 635	875 635	875 635
Bruk av fondene	1 632 435	0	0	0	0	0
Avsetninger til fondene	662 237	0	0	0	0	0
Beholdning 31.12	**875 635**	**875 635**	**875 635**	**875 635**	**875 635**	**875 635**

Utvikling i kommunen sitt gjeldsnivå

Finansiering av investeringane vert, som vedteke i økonomiplan for 2018 – 20, i hovudsak finansiert gjennom statlege tilskot, sal av fast eigedom og bruk av disposisjonsfond. I 2021 vil det i tillegg bli føreslått låneopptak på kr. 120 mill. Dette vil då gje ei auke i rente og avdragsutgifter i kommunen sine driftsbudsjett i åra etter økonomiplanperioda

Utvikling i Aukra kommune si gjeld frå 2015 og vidare utover i økonomiplanperioden vil bli slik:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Netto lånegjeld eksl. startlån og pensjonsforpliktelser	312 422	349 078	420 602	385 328	350 052	314 775	419 496
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	88 807	98 415	115 868	104 851	94 481	84 960	112 165
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	58,2	63,3	74,4	67,6	60,7	54,6	72,0





Aukra kommune har samanlikna med landet utan Oslo (kr. 67036,- i 2016) ei relativt høg gjeld pr. innbyggjar. Ser ein netto lånegjeld i forhold til sum driftsinntekter (inklusiv eigedomsskatt) er denne på eit noko lågare nivå enn landet utan Oslo, der denne er på 83,1%.

Tilråding som tidligare har vore gjort er at den langsiktige gjelda (utanom pensjonsforplikting) ikkje bør overstige 60% av kommunane sine brutto driftsinntekter. Ut frå føresetnader i framlagt økonomiplan vil kommunen ha ei positiv utvikling på sitt gjeldsnivå, med ei gradvis reduksjon fram til nytt låneopptak i 2021. Frå 2019 og fram til 2021 vil vi har eit gjeldsnivå på 60% og lågare.

Det er grunn til å være merksam på kommunen si gjeldsutvikling i forhold til liten storleik på det generelle disposisjonsfond og med tanke på framtidig auke i rentenivå.

Finansutgifter i økonomiplanperioda

Kommunen sine finansutgifter får ei slik utvikling frå 2015 til og med 2021.

Sum eksterne finansutgifter							
	2015	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**	**2020**	**2021**
Sum eksterne finansutgifter	30 741	34 513	34 751	42 180	42 184	42 198	42 725
Finansutgifter og avdrag i % av brt. driftsinntekter	5,7	6,3	6,1	7,4	7,3	7,3	7,3

Eksterne finansutgifter vil auke frå 2018 og ligge på same nivået ut 2021. Etter nytt låneopptak på slutten av 2021, vil desse utgiftene sin del av brutto driftsinntekter auke frå 2022.

Statlege rammevilkår



Inntektssystemet

Inntektssystemet definerer det statlige bidraget som kommunane får til si drift i form av rammetilskot og skatteinntekter. Dette er frie inntekter som kommunen kan disponere fritt over, utan andre føringar enn gjeldande lovar og regelverk. Nivået på dei frie inntektene vert bestemt ut frå pris- og lønsvekst, vekst i frie inntekter, innlemming av øyremerkte tilskot, korreksjon av rammetilskot for oppgåveendringar. Når nivået på samla frie inntekter er fastsett, kjem ein fram til storleiken på samla rammetilskot ved å trekkje berekna for skatteinntekter frå nivået på samla frie inntekter.

Eit overordna føremål ved inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. Ved fordeling av rammetilskot tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader og skilnader i skatteinntektene. Dette vert gjort ved at utmålinga av rammetilskot vert påverka av utgifts- og inntektsutjamning.

Inntektsutjamning

Det er store variasjonar i skattegrunnlaget mellom kommunane, noko som skaper store skilnader i inntektsnivå. Gjennom utjamninga av skatt på inntekt og formue for personlege skattytarar vert desse forskjellane delvis utjamna. Det betyr at kommunar med skatteinntekter mellom 100 og 90 pst. av landsgjennomsnittet vert kompensert med 60 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet vert trekt for 60 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar som har skatteinntekter under 90 pst. av landsgjennomsnittet, vert kompensert for 35 pst. av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 pst. av landsgjennomsnittet. Denne tilleggskompensasjonen vert finansiert ved at kvar kommune vert trekt med eit likt sum per innbyggjar.

Utgiftsutjamning

For den enkelte kommune er det utarbeidd kostnadsnøklar som saman med andre kriteriedata seier noko om kommunen sitt utgiftsbehov. Ut frå desse indeksane vert det gjort ei fordeling til kommunane etter deira varierande utgiftsbehov. Utjamninga er ei rein omfordeling – det som vert trekt frå nokre kommunar vert delt ut til andre. Samla for landet er kostnadsnøkkelen lik 1, for Aukra kommune er denne for 2018 sett til 1,0978. Det vil seie at utgiftsbehovet i Aukra kommune samla vert vurdert å ligge 9,78 pst. (7,98 pst. i 2017) over det samla gjennomsnittlege utgiftsbehovet.

Aukra kommune vil i 2018 få kr. 17.607.000 i utgiftsutjamning medan Aukra kommune fekk kr. 15 253 000 året før.



Henta frå Regjeringa.no

Frie statlege inntekter i 2018 - rammetilskot og skatt på inntekt og formue

Regjeringa har i forslag til statsbudsjett lagt til grunn ein samla realvekst i kommunane sine frie inntekter i 2018 på 3,6 mrd. kroner utover kompensasjon for prisvekst. Veksten i dei frie inntektene er tenkt til dekning av demografiske utgifter på 2,2 mrd. kroner og pensjonskostnader utover lønsvekst 0,4 mrd. kroner. Innanfor veksten i frie inntekter ligg særlige satsingar som tidleg innsats i skolen med 200 mill. kroner, opptrappingsplan for rusomsorga med 300 mill. kroner, forebyggande tiltak barn, unge og familiar med kr. 200 millioner.

Veksttilskot skal sikre at kommunar med sterk befolkningsvekst kan byggje ut sine tenester i takt med denne utviklinga. Befolkningsveksten sett over tre år skal vere høgare enn 1,4 pst. Aukra kommune har dei tre siste åra hatt ein vekst på 1,66 pst. og vil i 2018 få kr. 57.191,- pr innbyggjar for 8,89 innbyggjarar over vekstgrensa, tilsaman kr 508.000,-.

Rammetilskot - endringar i 2018 (sum på makro-nivå i 1000 kr)

Tabell nedanfor er henta frå berekningsteknisk dokumentasjon (Grønt hefte) lagt fram som vedlegg til statsbudsjettet (Prop. 1 S) for 2018. og viser kva innlemmingar/ korreksjonar som er gjort i kommunane sitt rammetilskot for 2018 i høve til 2017.

Oppgaveendringer m.m / korreksjoner	
Boligsosialt kompetansetilskudd	15 500
Tilskudd til boligsosialt arbeid	28 500
Helsenett, ny finansieringsmodell	-32 600
Innlemming øremerket tilskudd flere barnehagelærere	247 200
Korreksjoner:	
Økte kommunale barnehageutgifter, økte botidskrav kontantstøtte	18 500
Redusert barnehageetterspørsel sfa. økt kontantsstøtte	-127 900
Økt inntektsgrense nasjonal norm redusert foreldrebetaling barnehage	7 900
Tidlig innsats overgang mellom skole og barnehage	20 000
Økt foreldrebetaling barnehage, kroner 110 per mnd utover lønns- og prisvekst	-301 500
Vigselsmyndighet, ansvar overføres kommunene	3 000
Servicehunder	-5 000
Forsøk med statlig finansiering av omsorgstjenesten	-7 800
Skjønnstilskudd, engangsbevilgning 2017 enslig mindreårige flyktninger	-20 500
Økt elevtall statlig/private skoler	-137 800
Sum oppgåveendringar og korreksjonar	-292 500

Ein del av endringane kjem som saker som er gjeve særskilt fordeling. Dette gjeld helsestasjon og skolehelseteneste som for Aukra kommune utgjer kr 559.000,- og Frivilligsentral kr 392.000,-.

Satsing på Helsestasjon og skolehelseteneste kom i Aukra på plass i 2015 ved etablering av ei stilling innanfor Helse, ramma vart auka med kr 685.000,- til dekning av den stillinga. Frivilligsentral vart etablert i 2013 og Kultur vart då styrka med kr 406.000,- i si ramme til dekning av utgifter knytt til dette. Seinare har ramma blitt ytterlegare styrka grunna bortfall av statleg tilskot på kr 310.000,-.

Frie inntekter i budsjett og økonomiplanperioden

Frie inntekter (rammetilskot og skatt på inntekt og formue) er i 2018 på 209 145 000 kroner før ein tek omsyn til inntekstjusteringa ut frå skattenivå. Dette inneber ein vekst for Aukra kommune frå 2017 til 2018 på 3,3 prosent. I same periode er rekna landsgjennomsnittleg vekst på 2,6 prosent. Veksten i statlege frie inntekter er rekna frå overslag på rekneskap for 2017. Endelege skatteinntekter for 2018 er ikkje kjent før i januar 2019, det er difor gjort eit skjønn på kor store skatteinntektene vil bli for 2018.

Vidare i økonomiplanperioda er det lagt inn ein vekst i frie inntekter (før inntekstutjamning) på om lag 2%.

Aukra kommune sitt rammetilskot:

Rammetilskot i heile tusen:	**2018**	**2017**
Innbyggjar tilskot	85 176	82 830
Utgiftsutjamning	18 818	15 253
Overgangsordningar/INGAR (frå 2009)	-257	1 541
Tilskot med særskilt fordeling	951	1 017
Veksttilskot	508	716
Skjønn - spesielle lokale forhold (fordelt av Fylkesmannen)		-
Budsjettavtale H, FrP. KrF, V - stortinget		-304
RNB 2017 - endring i rammetilskot		209
Sum rammetilskot	**105 197**	**101 262**
Nett inntektsutjamning ut frå anslag skattenivå	1 635	365
Sum rammetilskot	**106 832**	**101 627**

Skatt på inntekt og formue

Aukra kommune sitt skattenivå har dei siste åra vore nært opp til landsgjennomsnittet, og det er lagt til grunn at dette og vil være situasjonen i åra framover. Overslag på skatt på inntekt og formue er for heile perioda, vurdert å ligge på om lag 96 pst. av lands-gjennomsnittet. Ein vil då få ei inntektsutjamning med 60 pst. av differanse mellom eige skattenivå og nivå landsgjennomsnittet. Samtidig skal kommunen vere med å finansiere kompensasjonen for kommunar som har eit snitt under 90 pst. av landsgjennomsnittet, i dag fastsett til kr 377,- per innbyggjar. Netto motteke inntektsutjamning vert i 2018 ut frå dette berekna til kr. 1.635.000,-.

Utvikling i utgiftsnivå og fordeling til drift

Sum fordelt til drift av kommunen sine frie disponible inntekter vil frå 2017 til 2018 ha ein svak vekst på 0,5 prosent. Ser ein på kommunen sine samla driftsutgifter vil desse få ei auke frå 2017 til 2018 på 1,8 prosent. Dette er ei auke som er lågare enn venta lønsvekst.
I kommunen sine utgifter frå 2017 til 2018 vil det bli ei auke i rente- og avdragsutgifter grunna nytt låneopptak i 2017, med kr 6,9 mill. Nye føreslegne driftstiltak vil gje ei auka med kr. 8,2 mill. , berekna avsett lønsvekst ei auke på kr. 6,5 mill. medan prosess med kostnadsreduksjonen i 2018 vil gje eit redusert utgiftsnivå på kr. 2,9 mill. Årsak til ein likevel får låg vekst frå 2017 til 2018 er den vesentleg midlertidige auka i kommunen sitt utgiftsnivå i 2017, for avhjelpe ekstraordinær situasjon dette året.

Gjennom vidare arbeid med kostnadsreduksjon, og reduserte utgifter på nye tiltak vil endring i kommunen sine samla driftsutgifter være på 1,4 prosent i 2019, 0,6 prosent i 2020 og 1,0 prosent i 2021. I seinare års budsjettprosessar vil det truleg kome til nye tiltaka som vil gje ei endring i desse berekningane.

Eigedomsskatt

Rådmannen rår til at skatteøyret vert sett til 7 promille, som er den høgaste skatteøyre ein kan ha jfr. eigedomsskattelova § 11. Frist for taksering og vedtak om utskriving av eigedomsskatt av nye objekt er 28.02 i inntektsåret, og inntektene er soleis usikre fram til taksering er ferdig. Eventuell endring i høve til budsjett for 2018, vert innarbeidd som budsjettkorrigering i løpet av året.

Endring i eigedomsskatt i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett

I Statsbudsjettet for 2018, Prop. 1 LS (2017-2018), er det lagt inn forslag om endringar i eigdomsskattelova § 3. Denne bestemminga regulerer kva eigedomar det kan skrivast ut eigedomsskatt på. Aukra kommune skriv i dag ut eigedomsskatt etter punkt c i denne bestemminga: «berre på verk og bruk i heile kommunen».

Forslaget inneber ny ordlyd i eigadomsskattelova sin § 3 bokstav c,d og g vil bli slik:

> c) berre på kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
> d) berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
> g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Det innebær at alle verk og bruk utanom kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum må beskattast som næringseigedom. (Oppdrettsanlegg er føreslått likestilt med objekt i gruppe c.)

Vidare står det i forslaget sitt utkast til ny § 4: «Produksjonsutstyr og -installasjonar skal ikkje reknast med i eigedomsskattegrunnlaget for næringseigedom.» Dette vil sie at utstyr knytt til produksjon vil falle utanfor eiendomsskattegrunnlaget.

Endringa skal gjelde frå 01.01.2019, med ei overgangsperiode frå 2019 – 2023 der dei nye reglane blir gradvis fasa inn.

Dei økonomiske Konsekvensane i forslaget vil so langt ein i dag kjenner desse være relativt små for Aukra kommune. Truleg vil forslaget ha administrative konsekvensar for Eigedomsskattekontoret, dersom dette krev nytaksering av objekta og alternativt utvida grunnlag for beskatning for alle næringseigedomar i kommunen.

Budsjettkriterier

Følgjande generelle føresetnader ligg til grunn for budsjettframlegget:

Pensjonspremie KLP	16,50 pst.
Pensjonspremie STP	11,00 pst.
Arbeidsgjevaravgift:	14,10 pst.
Prisvekst jfr. statsbudsjett 2018	1,90 pst.
Lønsvekst jfr. statsbudsjett 2018	3,00 pst.
Deflator brukt i statsbusjett 2018	2,60 pst.

- Einingane sine rammer er i budsjett og økonomiplanen korrigert med tilrådde endringar som kjem fram i tabellen «Driftsramme for 2018 – 2021» i oversikt på den enkelte eining.
- Det er berekna og avsett ein buffer for å møte lønsauka i økonomiplan perioden.

Renteutgifter

Aukra kommune nyttar kommunalbanken sitt forslag på budsjettrenter for 2018 – 2021. Forslaget baserer seg på offentleg tilgjengeleg prognoser og Markedsrenter. Det er då teke utgangspunkt i Norges Bank si renteprognose for åra 2018 – 2020. For 2021 er det berre markedsrenter som er tilgjengeleg som anslag for 3 mnd NIbor rente. Som bankmargin er kommunlbanken sitt marginpåslag for Niobor-lån med 0,60 prosentpoeng nytta.



Rentenivå inklusive bankmargin, vil ut frå denne utviklinga for enkelte år bli:

- 2018 – 1,45 pst.
- 2019 – 1,65 pst.
- 2020 – 2,15 pst.
- 2021 – 2,28 pst.

Avdrag på lån som kommunen har i dag er fastsett ut frå avtalt nedbetalingsplan, og avdrag på nye lån er berekna ut frå ei nedbetalingstid på 15 år.

Arbeid med kostnadsreduksjon

Arbeidet med å få ned kostnadane og imøtekome kommunestyret si bestilling på 8 % reduksjon i driftsrammene, har halde fram i 2017. Det visast til nærare beskriving av dette arbeidet i rådmannen si innleiing i dette dokumentet.

For å konkretisere arbeidet som har vore gjort tek vi her med oss dei faktiske tala for dei ulike driftsrammene - utviklinga frå 2016, til no og vidare fram i tid. Det vet gjort merksam på at det berre er tala i budsjettabellane som er knytt til sjølve kostnadsreduksjonsprosessen (KP) som er teke med i oversikta. Det vil seie at nye tiltak som har kome til, t.d. ekstra ressursar knytt til vedtak i barnehage eller skole, nye legevaktutgifter el. a. ikkje er med her.

Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	Revidert budsjett 2016	KP 2017	KP 2018	KP 2019	KP 2020	KP 2021	Sum trekk	% trekk
10.1 - Serviceavdelinga, Rådmannen og politisk sekretæria	18 533 000	-531 000	-515 000	-333 000	0	0	-1 379 000	-7,4 %
10.3 Økonomiavdelinga	4 684 394	-115 000	0	0	0	0	-115 000	-2,5 %
10.4 - Organisasjonsavdelinga	4 304 788	-117 000	-74 000	-112 000	0	0	-303 000	-7,0 %
10.8 - pedagogisk rådgjevar	7 572 941	-400 000	-100 000	-100 000	0	0	-600 000	-7,9 %
20 Gossen barne- og ungdomsskole	33 631 990	-720 000	-900 000	-925 000	0	0	-2 545 000	-7,6 %
21 Julsundet skole	14 795 599	-420 000	-390 000	-310 000	0	0	-1 120 000	-7,6 %
22 Barnebo barnehage	16 686 903	-550 000	-450 000	-362 000	0	0	-1 362 000	-8,2 %
23 Bergetippen	10 168 270	-300 000	-250 000	-197 000	0	0	-747 000	-7,3 %
25 Kultur	9 303 893	-283 000	-276 000	-180 000	0	0	-739 000	-7,9 %
30 Institusjon og buteneste	45 350 358	-1 914 142	-1 179 000	-1 961 000	-2 710 000	-2 000 000	-9 764 142	-21,5 %
32 Tenester til heimebuande	26 192 324	786 659	2 306 541	762 998	0	0	3 856 198	14,7 %
40 Helse	10 609 778	-313 000	-313 000	-208 000	0	0	-834 000	-7,9 %
50 NAV	3 461 192	-150 000	0	0	0	0	-150 000	-4,3 %
60 Plan utvikling og samfunn	3 708 585	-102 000	-102 000	-68 000	0	0	-272 000	-7,3 %
62 Teknikk, eigedom og brann	22 213 310	-653 000	-653 000	-435 000	0	0	-1 741 000	-7,8 %
Total	**231 217 325**	**-5 781 483**	**-2 895 459**	**-4 428 002**	**-2 710 000**	**-2 000 000**	**-17 814 944**	**-7,7 %**

Kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar i 2018

Satsar

Satsane for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er utrekna på grunnlag av rekneskap for dei kommunale barnehagane i 2016. Grunnlaget er indeksregulert med faktor for pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren, kommunal deflator. Utrekninga er basert på «Veileder for beregning av tilskudd til private barnehager» som er utarbeidd av kommunesektorens organisasjon KS og Private barnehagers landsforbund (PBL) i fellesskap, jf. rundskriv Udir-7-2014 frå Utdanningsdirektoratet.

Aukra kommune har berre barnehagar med ordinær drift. Satsen for kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er utrekna på grunnlag av dette. For dei andre barnehagetilboda må vi nytte nasjonale satsar.

Ved kjøp av plass i ikkje-kommunal barnehage i annan kommune vert nasjonal sats nytta.

Satsar for tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar i Aukra kommune for 2018

2018	Kommunal sats	Nasjonal sats	Kommunal sats	Nasjonal sats	
	Små barn	Små barn	Store barn	Store barn	Kapitaltilskot
Ordinær drift	268 449	199 800	134 325	96 300	8 600
Familiebarnehage		156 100		118 900	13 100
Opne barnehager	6 - 15 timer	18 800	16 timer +	26 700	-

*Nasjonale sats er for 2017, ikkje offentleggjort for 2018 enno

Små barn er i alderen 0 – 2 år, fram til dei fyller 3 år. Store barn er i alderen 3 – 6 år.
Ved utrekning av tilskotssatsen så vert barn som fyller 3 år i løpet av året, rekna som stort barn frå nytt barnehage år 01.08.

Drift – Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Budsjettskjema 1A og 1B

Tala er i heile 1000 kroner	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017 m/end. *	Rekneskap 2016
Skatt på inntekt og formue	103 552	106 406	109 366	112 846	100 412	97 278
Ordinært rammetilskot	106 832	108 940	112 057	115 163	101 723	101 283
Skatt på eigedom	240 095	240 095	240 095	240 095	237 609	217 840
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0	0	0
Andre gen. statlege tilskot	0	0	0	0	0	715
Sum frie disponible inntekter	**450 479**	**455 441**	**461 518**	**468 104**	**439 744**	**417 115**
Renteinntekter og utbytte	1 900	1 900	1 900	1 900	4 294	5 089
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	10 037	12 789	15 608	18 498	1 200	1 406
Renteutg., provisj. og andre finansutgifter	6 880	6 884	6 898	7 425	4 768	5 929
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	35 293	35 293	35 293	35 293	30 484	23 954
Netto finansinntekter / - utgifter	**-30 236**	**-27 488**	**-24 683**	**-22 320**	**-29 758**	**-23 388**
Til dekning av tidlegare års						
rekneskapsmessige meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	135 839	146 430	151 403	155 825	127 636	149 661
Til bundne avsetningar	0	0	0	0	0	0
Bruk av tidligare års regn.m. mindreforbruk	0	0	0	0	0	14 795
Bruk av ubundne avsetningar	0	0	0	0	550	2 892
Bruk av bundne avsetningar	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar	**-135 839**	**-146 430**	**-151 403**	**-155 825**	**-127 086**	**-131 974**
Overført til investeringsreknesk	0	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	**284 404**	**281 523**	**285 432**	**289 959**	**282 901**	**261 753**
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	19 446	19 313	19 153	19 353	22 992	19 139
10.3 Økonomiavdelinga	5 684	5 684	5 684	5 684	5 546	4 698
10.4 Organisasjonsavdelinga	3 412	3 300	3 300	3 300	3 608	4 409
10.7 Barnevern	7 780	7 780	7 780	7 780	7 780	4 963
10.8 Pedagogisk rådgjevar	8 573	8 473	8 473	8 473	7 799	6 680
10.9 Tilskot GassROR iks, revisjon m.m	27 430	27 240	27 240	27 240	27 435	24 299
20 Gossen barne og ungdomsskole	33 244	32 319	32 319	32 319	33 251	32 742
21 Julsundet skole	14 760	14 307	14 307	14 307	15 371	14 034
22 Barnebo barnehage	16 904	15 910	15 910	15 910	16 303	16 204
23 Bergetippen barnehage	11 108	10 911	10 911	10 911	11 033	10 489
24 Eining for innvandring og integrering	0	0	0	0	0	0
25 Oppvekst og Kultur	10 330	9 950	9 950	9 294	9 853	9 302
30 Institusjon og buteneste	49 741	47 355	44 645	42 645	50 180	46 634
32 Tenester til heimebuande	31 318	31 758	31 758	31 758	30 540	25 625
40 Helse	13 108	12 427	12 427	12 427	12 858	11 194
50 NAV	3 453	3 453	3 453	3 453	3 360	3 531
60 Plan, utvikling og samfunn	0	0	0	0	3 751	3 960
62/65 Teknikk, eigedom og brann	0	0	0	0	21 840	24 224
60/62 Tekniske tenester	26 557	25 354	25 354	25 354	0	0
89 Motpost kalk. Renter og avskr.	-4 897	-4 897	-4 897	-4 897	-5 262	-4 877
90 Andre tilskot/refusj.og pensjon						-7 416
Buffer - lønnsvekst	6 452	10 885	17 663	24 646	4 661	0
Korr. av føringar både i skjema 1A og 1B						
Sum fordelt til drift	**284 404**	**281 522**	**285 431**	**289 958**	**282 901**	**249 834**
Meirforbruk (+)/mindreforbr. (-)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**11 918**

*Budsjett 2017 m/end. er lik budsjett etter vedtekne endringar i budsjettkorrigeringssak pr. 31.8.17.

Drift – økonomiske oversikt budsjett og økonomiplan 2018-2021

Tall i heile 1000 kroner	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017 m/end. *	Rekneskap 2016
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	11 872	11 872	11 872	11 872	13 154	13 554
Andre salgs- og leieinntekter	29 543	29 543	29 543	29 543	30 324	30 909
Overføringer med krav til motytelse	37 080	36 958	36 958	36 958	35 803	52 913
Rammetilskudd	106 832	108 940	112 057	115 163	101 723	101 283
Andre statlige overføringer	36 335	36 335	36 335	36 335	32 384	22 596
Andre overføringer	20	20	20	20	0	481
Skatt på inntekt og formue	103 552	106 406	109 366	112 846	100 412	97 278
Eiendomsskatt	240 095	240 095	240 095	240 095	237 609	217 840
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	**565 330**	**570 169**	**576 246**	**582 832**	**551 409**	**536 851**
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	212 666	215 227	220 373	225 180	205 177	188 368
Sosiale utgifter	63 827	64 644	66 276	67 796	59 426	45 373
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	51 780	50 580	50 580	50 580	62 340	55 441
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	35 636	35 836	35 676	35 876	33 736	45 356
Overføringer	40 360	34 979	32 269	30 269	42 371	37 754
Avskrivninger	37 020	46 033	44 961	44 755	30 376	34 529
Fordelte utgifter	102	102	102	102	-39	-805
Sum driftsutgifter	**441 392**	**447 400**	**450 238**	**454 558**	**433 387**	**406 016**
Brutto driftsresultat	**123 938**	**122 769**	**126 009**	**128 274**	**118 022**	**130 835**
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	1 940	1 940	1 940	1 940	4 334	5 146
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	10 037	12 789	15 608	18 498	1 200	1 406
Mottatte avdrag på utlån	80	80	80	80	80	78
Sum eksterne finansinntekter	**12 057**	**14 809**	**17 628**	**20 518**	**5 614**	**6 630**
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	6 887	6 891	6 905	7 432	4 769	5 944
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	35 293	35 293	35 293	35 293	30 484	23 954
Utlån	80	80	80	80	80	73
Sum eksterne finansutgifter	**42 260**	**42 264**	**42 278**	**42 805**	**35 333**	**29 971**
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-30 203	-27 455	-24 650	-22 287	-29 719	-23 341
Motpost avskrivninger	37 020	46 033	44 961	44 755	30 738	34 529
Netto driftsresultat	**130 755**	**141 347**	**146 320**	**150 742**	**119 041**	**142 023**
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0	0	0	0	0	14 795
Bruk av disposisjonsfond	5 325	5 325	5 325	5 325	8 662	8 622
Bruk av bundne fond	129	129	129	129	303	1 062
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	**5 454**	**5 454**	**5 454**	**5 454**	**8 965**	**24 478**
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	135 839	146 430	151 403	155 825	127 636	149 825
Avsatt til bundne fond	371	371	371	371	371	4 757
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0	0	0
Sum avsetninger	**136 209**	**146 801**	**151 774**	**156 196**	**128 006**	**154 583**
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**11 918**

*Budsjett 2017 m/end. er lik budsjett etter vedtekne endringar i budsjettkorrigeringssak pr. 31.8.17.

Samla oversikt over tilrådde tiltak inn i budsjett og økonomiplan

Ansvar	Utgifter tilrådde tiltak		2018	2019	2020	2021	SUM
10.1	Serviceavdelinga, Rådmann og politisk sekretariat	Auke i kontingent ROR IKT	802 000	802 000	802 000	802 000	3 208 000
10.3	Økonomiavdelinga	Auka lønsnivå ved tilsetting i ny stilling	180 000	180 000	180 000	180 000	720 000
10.4	Organisasjonsavdelinga	20% stilling som hovudvernombud	164 000	164 000	164 000	164 000	656 000
22	Barnebo barnehage	Styrka tilbod til førskolebarn, auke i fagstillingar	632 000	0	0	0	632 000
25	Kultur	Fond Tilskot til frivillige lag og organisasjonar i nærmiljøet	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
25	Kultur	Kulturformidler	656 000	656 000	656 000	0	1 968 000
30	Institusjon og buteneste	Auke i sjukepleiardekning jmf kompetansekrav	112 000	112 000	112 000	112 000	448 000
30	Institusjon og buteneste	Overgang til aktiv nattevakt Bergtun	332 000	332 000	332 000	332 000	1 328 000
30	Institusjon og buteneste	Dokumentasjon av tvangsvedtak, Bergtun	425 000	0	0	0	425 000
30	Institusjon og buteneste	Endra tenestetilbod Bergtun	2 576 000	2 576 000	2 576 000	2 576 000	10 304 000
32	Tenester til heimebuande	Videreføring av prosjektstilling demens	323 000	0	0	0	323 000
32	Tenester til heimebuande	Brukarstyrt personleg assistent	399 000	399 000	399 000	399 000	1 596 000
40	Helse	Fastlegeløysing i Aukra kommune	1 027 000	727 000	727 000	727 000	3 208 000
60	Plan utvikling og samfunn	ROR ikt - dekning av utgifter til Norkart	-343 000	-343 000	-343 000	-343 000	-1 372 000
60	Plan utvikling og samfunn	Ny leiar i felles eining	518 000	518 000	518 000	518 000	2 072 000
62	Teknikk eigedom og brann	Ny leiar i felles eining	518 000	518 000	518 000	518 000	2 072 000
			8 521 000	**6 841 000**	**6 841 000**	**6 185 000**	**28 388 000**

Rådmannen har i si innstilling til tilrådde tiltak hatt ei restriktiv tilnærming. Dei tilrådde tiltaka går anten på tenester til enkeltbrukarar, eller dreier seg om å styrke tenestetilbodet i kommunen gjennom organisasjons- og tenesteutvikling. Stikkord som statlege føringar og prioriteringar, heiltidskultur, komeptansebygging, medverknad, digitalisering, kulturbygging og gode tenester har vore førande for prioriteringane.

10 Sentrale styringsorgan

10.1 Politiske organ, rådmannen, kommunalsjefane og serviceavdelinga

Presentasjon av tenesteområdet

Serviceavdelinga dannar saman med rådmannsteamet og politisk organ, eit samla rapporteringsområde.

Serviceavdelinga
Serviceavdelinga er ein av stab- og støttefunksjonane i kommunen. Avdelinga yt tenester til politisk organ, rådmannen, kommunalsjefane og har ein rådgjevande funksjon ut mot einingane. Avdelinga yt òg tenester til innbyggjarane i kommunen. Avdelinga har mellom anna desse oppgåvene: arkivansvarleg, felles postmottak, ekspedisjon, informasjonsoppgåver, informasjonsikkerheit og sikkerheitsansvarleg, bestillerrolla, politisk sekretariat med fleire. Serviceavdelinga har til saman 5,18 årsverk.

Nivå på tenester

Mange av oppgåvene avdelinga har ansvaret for, er regulert gjennom lovverket. Dette gjeld mellom anna arkiv, informasjonssikkerheit og sikkerheitsansvarleg, internkontroll og gjennomføring av kommune- og stortingsval.

Det er eit bra nivå på tenestene i avdelinga, men det trengs noko tid på å få god nok kompetanse i dei nye oppgåvene avdelinga har fått. Avdelinga har i tillegg ein rådgjevande funksjon ovanfor dei andre einingane og skal gjere dei i stand til å løyse desse oppgåvene etter gjeldande regelverk og prosedyrar. Det går mykje ressursar til å gjere organisasjonen i stand til å løyse desse oppgåvene. For at kvaliteten på tenesta skal vere god, er vi avhengig av at det er tilfredsstillande kvalitet i alle ledd i organisasjonen.

Utviklinga av einings/tenesteområde i økonomiplanperioden

Avdelinga må ha god fagleg kompetanse på fleire område no enn det som tradisjonelt låg til avdelinga. Vi har fått fleire krevjande oppgåver som krev god fagleg innsikt. Framover må avdelinga ha god kompetanse på den nye personopplysningslova, som vert gjeldande frå mai 2018. Den nye personopplysningslova skal gjennomføre EU`s personvern-forordning i norsk rett.

Delmål i økonomiplanperioden

Avdelinga skal jobbe i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel. At innbyggjarane skal oppleve god kvalitet på tenestene og god informasjonsflyt mellom dei og kommunen, skal avdelinga nå gjennom målsettinga

Konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit

Denne målsetjinga skal serviceavdelinga jobbe mot gjennom desse delmålsetnadane:

Delmål for saksarkivet
Vi skal heve kvaliteten på papirarkivet og det elektroniske arkivet i kommunen gjennom å

- implementere og ta i bruk nytt saks- og arkivsystem i 2018 med Noark5-kjerne.
- opplæring i det nye saks- og arkivsystemet.
- fortsetje rydding og klargjering for depot av papirarkiv, med fokus på dei einingane som ikkje er ferdig med denne oppgåva.

Delmål for kvalitetsarbeidet

Vi skal ha orden i eige hus gjennom å

- implementere internkontroll på området informasjonssikkerheit
- utvikle kvalitetssystemet Compilo gjennom ny løysing som vert lansert i 2018 og gjennom å ta i bruk nye modular.
- gjennomføre fleire samlingar med superrbukarane i Compilo
- arbeide med ei einingsbasert kategorisering i avviksmodulen i Compilo og definere alvorsgradane «låg – middels – høg»
- vidareutvikle ROS-modulen og tilpasse den til Aukra kommune sitt behov

Delmål for informasjon, kommunikasjon og digitalisering

Det skal vere ein god informasjonsflyt mellom kommunen og innbyggarane, og mellom tilsette gjennom å

- innføre ny heimeside for Aukra kommune, samt intranett
- sikre full utnytting av Office365 ved å lære organisasjonen å bruke systemet på ein smart måte
- tilpasse opplæring av tilsette i nye modular når desse vert rulla ut i organisasjonen

Utfordringar og tiltak for 2018

Rulleringsplan for PC

Aukra kommune har tidlegare innført ein 4-årig rulleringsplan for pc-ar for tilsette. Kommunen har definert levetida til ein pc til fire år, som gjenspeglar garantitida pc-en har. Det har vore ei kraftig prisauke dei siste åra som gjer at vi har fått eit større etterslep av pc-ar som ikkje har vorte skifta i rulleringsplanperioden. Etterslepet vil vi ta med oss vidare i neste rulleringsplan som gjeld i perioden 2017-2020.

Digitalisering i Aukra kommune og etablering av nye løysingar

Digital kommunikasjon med kommunen skal vere innbyggjarane sitt førsteval når dei tek kontakt med kommunen, jf Kommuneprp. 2017. Som eit ledd i denne satsinga frå Regjeringa, skal Aukra kommune delta i ein felles digital dugnad saman med fleire kommunar, der vi betalar ein sum til ei felleskasse som skal gå til å utvikle felles digitale løysingar for kommunane. KS er ansvarleg for dette prosjektet. Dette vil spare Aukra kommune for både tid og ressursar, sidan vi på eit tidspunkt hadde måtta utvikle desse løysingane sjølv. Det vert spanande å sjå kva veg dette prosjektet tek.

Organisasjonen vil i 2018 komme over på ei Noark5-kjerne. Dette gjer vi saman med eigarkommunane til ROR IKT. Å komme over på ei Noark5-kjerne vil kunne opne fleire dører for å kunne effektivisere ulike arbeidsprosessar og sette i gang ulike digitale prosjekt, som ny heimeside med ein «Mi-side»-funksjon. Då kan innbyggjarane få tilgang til informasjon om seg og sine saker gjennom heimesida. I tillegg er det eit mål at kommunen berre skal spørje innbyggjarane om informasjonen ein gong. Mulegheitene for ei slik utvikling er til stade i ei ny Noark-kjerne, men ikkje alle løysingane vil komme på plass til same tid.

I 2018 skal kommunen innføre nye og store system, som nytt saks- og arkivsystem og heimeside/intranett. Dette vil krevje ein del personalressursar frå serviceavdelinga. I tillegg arbeider kommunen med ei betre kartløysing, samt arkivkjerne i ulike fagsystem som ikkje har slik kjerne i dag. Alt dette skjer i samarbeid med eigarkommunane i ROR IKT.

Informasjonssikkerheit

I mai 2018 vert den nye personopplysningslova gjeldande. Den nye lova seier noko om at kommunane skal ha eit eige personvernombod på plass frå same dato. Kommunen held på å etablere eit samarbeid med IKA Møre og Romsdal IKS for å få på plass ei slik løysing. Dette i samarbeid med fylkeskommunen og andre kommunar i Møre og Romsdal. I tillegg kjem det andre nye lovkrav innan personopplysningslova som vi må gjennomføre tiltakt på. Faggruppe for informasjonssikkerheit vil ta tak i desse utfordringane.

Kommunestyre- og fylkestingval 2019

Aukra kommune startar allereie i 2018 med førebuingane til neste val. Det vil bli vurdert om kommunen skal over på scanning av stemmesetlar ved dette valet. Scanning vil erstatte ein del manuelt arbeid ved oppteljing av stemmesetlar. Dette er meldt inn som budsjettsak for 2019.

Driftsramme for 2018 – 2021

Eining 10.1 - Serviceavdelinga, Rådmannen og politisk sekretæriat	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**18 533 814**	**22 841 356**	**19 445 932**	**19 312 932**	**19 152 932**
Kommuneval/Stortingsval	180 000	-180 000	180 000	-180 000	180 000
Rådmannskonsulent	-74 000				
Avlevering arkiv til IKA Møre og Romsdal IKS	-300 000				
It-konsulent skole ut frå 2017	-390 804				
2. tertial korrigering av ramme RORikt midlertidig for 2016	-340 000				
2. tertial korrigering av ramme kommunreform midlertidig for 2016	-201 000				
Oppgradering av kommunehuset	200 000				
Kontingent RORikt - auke frå 2017	120 000				
It-konsulent skole var føresett teke ut frå 2017. Ny vurdering konkluderer med at denne på behaldast og vidareførast tilsvarande 85% stilling	535 600	19 400	20 000	20 000	20 000
Tilrettelegging for næringsutvikling	150 000				
Profilering	250 000	-250 000			
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-531 000	-515 000	-333 000		
1 tertial: ansvar medlemsskap Krisesenteret Molde overført frå Org. Avdeling	535 000				
1 tertial: auka kontingent for 2017 Krisesenteret Molde	165 000				
1 tertial: Auka kostnad for lisens og serviceavtale telefoniløysing	71 000				
2. tertial: Erstatning og saksomkostningar	3 412 772	-3 412 772			
2. tertial: Julegåver	160 000	-160 000			
Auke i kontingent til ROR ikt		802 000			
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	364 974	300 948			
Utgåande ramme	**22 841 356**	**19 445 932**	**19 312 932**	**19 152 932**	**19 352 932**

Tilrådde tiltak:

Auke i kontingent ROR IKT

Styret i ROR IKT har vedteke ei auke i kontingenten for 2018. Grunnlaget for auka kjem av at styret har vedteke gjennomføring av ein del større prosjekt og ROR IKT treng fleire ressursar for å handtere desse. I tillegg får ROR IKT ei auke i ulike driftsutgifter på bakgrunn av vedtak som styret har fatta, som til dømes nytt saks- og arkivsystem.

10.3 Økonomiavdelinga

Presentasjon av tenesteområdet

Avdelinga har det faglege ansvaret for økonomi, løn, innkjøp og finansforvaltning, og skal innanfor desse områda yte god fagleg bistand til einingane. Avdelinga er kommunen sitt eigedomsskattekontor med ansvar for alt administrativt arbeid knytt til eigedomsskatt og taksering av skatteobjekt. Avdelinga skal vere med å sikre effektiv og forsvarlig økonomistyring ved å gje administrativ og politisk leiing gode grunnlag å fatte vedtak på.
Avdelinga har 6 tilsette i 5,8 stillingar.

Nivå på tenester

Kommunelova sine kapittel 8 og 9 med tilhøyrande forskrifter med meir stiller krav til kvaliteten på budsjett og rekneskap, og til etterlevinga av desse. Formålet er å sikre forsvarleg økonomistyring i kommunane. Kommuneplanen gjev politiske signal om kva mål som er sett for kommunen si økonomistyring. Avdelinga skal utføre sitt arbeid i tråd med gjeldande regelverk og overordna planar, sikre gode grunnlag for styring og slik medverke til at kommunen har ei god økonomistyring.

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiplanperioden

Avdelinga vil i 2018 fortsette arbeidet med å styrkje si kompetanse innanfor områda finansforvaltning, innkjøp, moms og KOSTRA. Fagfelta er i jamn endring og vedlikehald av kompetanse er viktig og nødvendig. Avdelinga vil og fortsette arbeidet med revidering av reglement og digitalisering av arbeidsprosessar.

Delmål i økonomiplanperioden

- Rekneskapen er ferdig for oversending til revisjonen 15. februar
- eHandel vert brukt til 30% av kommunen sine samla innkjøp
- Alle fakturaer inn i organisasjonen er efakturaer ved årsskiftet
- Elektronisk faktura-distribusjon ut av organisasjonen utgjer 70% av alle fakturaer ved årsskiftet
- Løn skal utbetalas til rett tid og med rett sum
- Statleg initiert full digitalisert løysing for sjukemeldingar og refusjonskrav blir etablert
- KOSTRA –rapport med analysedel innanfor tenesteområda vert utarbeidd innan juni
- Etablere mobile løysingar som sikrar effektiv handsaming av innkjøp, løn m.m.
- Styrke kompetanse for leiarar og merkantile ressursar innan budsjettering, rekneskap, rapportering og løn gjennom jamleg kontakt og kursing.
- Gjennom opplæring auke kunnskapen om og bruken av kommunen sine sjølvbeteningsmodular for tilsette (dokumentarkiv for lønsslipp m.m, oversikt over kompetanse, personalia med meir)
- Utarbeide digital kursdokumentasjon for dagleg støtte og oppfrisking av organisasjonen sitt arbeid med økonomi og løn.
- Økonomireglementet er revidert og politisk handsama innan mars 2018
- Finansreglement er revidert og politisk handsama innan april 2018

Utfordringar og tiltak for 2018
Einings fekk i 2017 styrka si bemanning med ei 100% stilling. Avdelinga jobbar no med å betre fordeling og etablere nødvendig kompetanse for å ivareta våre oppgåver. Vi ser at det etter fleire år med for lite ressursar, no er eit stort behov for å sjå på og betre kvaliteten på overordna rutinar, reglement, planar og rapporteringar. Revidering av samfunnsdelen av kommuneplana vil venta leggje nye føringar, som avdelinga må innarbeide i kommunen sine kommande budsjett og økonomiplaner.

Aukra kommune er organisert med flat struktur, og delegert økonomiansvar ut til einingane. Mykje av grunnlag for kvaliteten på rekneskap, budsjett, løn m.m. blir etablert gjennom handsaming av innkomne faktura og etablering av grunnlag for løn og fakturering ute på einingane. Dette krev at økonomiavdelinga bidreg til å etablerer og vedlikehalde ei god grunnleggjande økonomikompetanse ute på einingane. Grunna for liten kapasitet har vi over lang tid ikkje greidd å sette av nok ressursar til slik opplæring. Det vil derfor bli stor fokus på dette arbeidet i 2018 og resten av åra i konomiplanperioda.

Driftsramme for 2018 – 2021

Eining 10.3 Økonomiavdelinga	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**4 684 394**	**5 527 000**	**5 684 474**	**5 684 474**	**5 684 474**
Opplæring skattetakstnemnder	-50 000				
100% stilling	608 000				
Eigedomsskatt - juridisk og konsulent	300 000	-200 000			
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-115 000				
Auka lønsnivå ved tilsetting i ny stilling		180 000			
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	99 606	177 474			
Utgåande ramme	**5 527 000**	**5 684 474**	**5 684 474**	**5 684 474**	**5 684 474**

Tilrådde tiltak:

Auka lønsnivå ved tilsetting i ny vedteke stilling

Einingа fekk i 2017 løyve til å auke bemanninga med ei stilling. Tilsetting prosess viste at lønsnivå var sett for lågt til at ein kunne tilsette søkjar med nødvendige og ønska kvalifikasjonar, og einingа ber derfor om kompensasjon for auka lønsnivå.

10.4.Organisasjonsavdelinga

Presentasjon av tenesteområdet

Avdelinga har som hovudoppgåve å legge til rette for best mulege vilkår for dei tilsette i Aukra kommune i tråd med krav i lov- og avtaleverk. Gjennom utarbeiding og revidering av lokale planar, retningslinjer og rutinar skal leiarar, tillitsvalde, verneombod og alle tilsette ha klare linjer for kva rettar og pliktar dei har i arbeidslivet. Avdelinga har hovudansvar for at rekrutteringsarbeidet vert forsvarleg gjennomført og at alle søkarar til stillingar får ein respektfull behandling. Aukra kommune er opptatt av å ha rett kompetanse på rett plass til rett tid. Utdanningsfondet er eit hjelpemiddel for tilsette som ønsker å auke kompetansen sin i tråd med lokale kompetanseplanar og behov. Avdelinga har eit overordna ansvar for HMS og er ein pådrivar i IA-arbeidet. I tillegg er avdelinga sekretær og saksbehandlar til politiske og partssamansette utval og har utstrakt kontakt med tillitsvaldapparatet. Det vert gjennomført lokale forhandlingar kvart år og det er fokus på å halde ein ansvarleg lønnspolitikk. Pensjon og forsikring ligg og til arbeidsområdet. Det er utarbeidd ei tenesteavtale som avklarar arbeids- og ansvarsfordelinga mellom stab/støtte og einingane. Organisasjonsavdelinga har 2,2 årsverk etter at 20 % hovudverneombod er plassert i avdelinga. I løpet av 2017 har ei 50 % prosjektstilling og eit 40 % engasjement falle bort.

Nivå på tenester

- Som medlem i KS er kommunen bunden av hovudtariffavtale og hovudavtale forhandla fram av partane i arbeidslivet. I tillegg gjeld arbeidsmiljøloven, forvaltningsloven, offentlegloven og div forskrifter.
- Avdelinga initierer oppgåver som heile organisasjonen skal arbeide med innafor personalområdet. Lovpålagte oppgåver kjem først og prioriteringane blir elles i tråd med politiske vedtak og innmeldte behov frå leiarar og tillitsvalde. Etter kvart har det blitt mange faste oppgåver å følgje opp og det er mindre kapasitet til å arbeide med nye prosjekt og prosessar.
- Det er heilt nødvendig å vere oppdatert på lov og avtaleverk innafor HR. Framdrift i planlagte oppgåver og prosessar avheng og av at einingane har dei same prioriteringane. Utan omforente planar stoppar framdrifta.

Utviklinga av einingа/tenesteområde i økonomiplanperioden

- Digitalisering på personalområdet vil fortsette. Her er det nødvendig å bli betre på å gje opplæring til alle tilsette. Avdelinga kan gje opplæring til utvalde medarbeidarar som må ta ansvar for opplæring i dei respektive einingane.
- Med to tilsette vil oppdraget vere å gjere andre i stand til å utøve dei oppgåvene som er delegert ut i einingane på personalområdet.
- Vi må ha fokusområde som vi skal følgje opp i organisasjonen. Dette gjeld IA, kvalitet i rekrutteringsarbeidet, at det vert ført ein god og lik arbeidsgjevarpolitikk og at vi stiller etiske krav til alt vi gjer. Vi skal fortsatt vere ein open, ansvarleg organisasjon der tilsette og innbyggjarar skal ha tillit til forvaltninga.

Delmål i økonomiplanperioden

- Rekrutteringsprosessen skal fortløpande bli kvalitetssikra.
- Bevare og utvikle det gode samarbeidet med tillitsvalde og verneombod.
- Større aktivitet i arbeidsmiljøutvalet med behandling av fleire saker i tråd med arbeidsmiljøloven.
- Gjennomføre ROS-analysar kvart år og bistå einingane i slike analysar innafor personalområdet.

- Gjennomføre ny 10-faktor medarbeidarundersøking i 2019.
- Følgje opp planlagte tiltak på IA-området, medarbeidarundersøkingar og vernerunder.
- Redusere sjukefråværet der det er høgast.
- Utarbeide og revidere planar og retningslinjer.

Utfordringar og tiltak for 2018

- Planlegge og gjennomføre nødvendig opplæring/informasjon innafor digitale løysingar og endringar i tariffavtalar og lovverk.
- Følgje opp lokale IA-handlingsplanar; at dei vert revidert og at det blir rapportert til AMU.
- Følgje opp 10-faktor undersøkinga og arbeidsmiljøkartlegginga ved Aukraheimen og at AMU og adm.utvalet får rapportar på planlagte og gjennomførte tiltak.
- Rapportere til AMU på arbeidshelserapportar, sjukefråvær og vernerunder
- Utarbeide overordna HMS-plan, revidere plan for likestilling og mangfald og ferdigstille revidert utgåve av etiske retningslinjer.

Driftsramme for 2018 – 2021

Eining 10.4 - Organisasjonsavdelinga	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**4 304 788**	**3 522 700**	**3 412 468**	**3 300 468**	**3 300 468**
Deltids- og nærværsprosjekt	-303 000				
IA-tiltak - 3 år		-206 000			
Deltids- og nærværsprosjekt vart ved oppstart forskjøvet i 3 mnd. og forlenges derfor tilsvarande i 2017.	73 000	-73 000			
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-117 000	-74 000	-112 000		
1 tertial: Ansvar medlemsskap Krisesenteret Molde overført til Rådmann 10.1	-535 000				
20% stilling som hovudvernombud		164 000			
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	99 912	78 768			
Utgåande ramme	**3 522 700**	**3 412 468**	**3 300 468**	**3 300 468**	**3 300 468**

Tilrådde tiltak

I K-sak 52/17 vart det vedteke å opprette eit 20 % frikjøp for hovudverneombod med stillingsplassering i organisasjonsavdelinga.

10.7 Barnevern

Tenester og oppgåver

Barnevernstenesta i Aukra er vedteke organisert i samarbeid med barnevernstenesta i Molde kommune, etter hovudtrekk i inngått samarbeidsavtale med Molde kommune som vertskapskommune. Molde kommune tek i vare oppgåver innan barnevern for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommune.

Målet for samarbeid innan barnevern er å sikre ei robust teneste med høg kvalitet. Barnevernet si oppgåve er å yte hjelp til barn, ungdom og deira familiar, samt å gje råd og rettleiing til samarbeidspartnarar. Målet for tenesta er at brukarane skal få rett hjelp til rett tid og å støtte alle brukargrupper gjennom tverrfaglig samarbeid og utvikling. Tenesta skal sikre at barn og unge, som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Vidare skal tenesta bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernet gjev råd og rettleiing til foreldre, unge og samarbeidspartnarar. Barnevernet si teneste har eit spesielt ansvar for å hindre at barn får varige problem, ved å avdekke situasjonar som etter lov om barnevern gir grunnlag for tiltak.

Driftsramme for 2018 – 2021

Eining 10.7 - Barnevern	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme - Barnevern	**4 038 000**	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**
1 tertial: Auka tiltak i barneverntenesta i og utanfor heimar	3 742 000				
Utgåande ramme	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**

10.8 Pedagogisk rådgjevar

Pedagogisk rådgjevar har utgreiings- og sakshandsamaransvar i høve til ressursfordeling og kvalitetsutvikling i skole og barnehage.

Ei viktig oppgåve er å leggje meining i omgrepa "Aukraskolen" og "Aukrabarnehagen". Dette inneber å identifisere kvalitetsstandardar for drifta som skal gjelde begge skolar, og begge barnehagar.

Pedagogisk rådgjevar er skole- og barnehagefagleg ansvarleg.

Skole

Elevane sitt skolemiljø
Dei aller fleste elevane i norsk skole trivst godt/svært godt i skolen og har eit godt skolemiljø. Dei opplever god klasseleiing, og det er gode relasjonar mellom elev og lærar, og mellom elevane. Dette gjeld likevel ikkje for alle. Statlege tilsyn, rettsavgjersler og forsking viser at skolar og kommunar bryt opplæringslova. Mange elevar får ikkje det skolemiljøet dei har krav på. Av denne grunn vart opplæringslova revidert, og nye og endra reglar er innført frå 1. august 2017. Kommunen har saman med andre Romsdalkommunar endra systemdokumentet vi har i høve til opplæringslova kap. 9A, *elevane sitt skolemiljø*. I 2018 vil vi fortsette arbeidet med å informere om lovverket, samt å sikre at praksis på skolane er i tråd med lovverket. Vi skal lære meir om kva mobbing er, førebyggjing, avdekking og stopping av mobbing.

Det skal nytte å seie i frå – mobbing skal ikkje skje!

Elevane sitt læringsutbytte
Kjerneaktiviteten i skolen er undervisning. Kvaliteten på undervisninga påverkar elevane sitt læringsutbytte direkte. I 2018 vil vi setje fokus på undervisningskvalitet i tilpassa opplæring; ordinært tilpassa undervisning og spesialundervisning.

Kompetansekrav for tilsetting og undervisning
Opplæringslova inneheld to typar kompetansekrav: Krav for tilsetting og krav om at lærarar må ha relevant kompetanse i undervisningsfaga. Kravet til tilsetting inneber at tilsette i undervisningsstillingar må ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse.

Barnehage

Forskrift om rammeplan i barnehagen
Forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver (rammeplanen) fastset utfyllande føresegner om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Revidert rammeplan trådte i kraft 1. august 2017. I 2018 fortsetter vi arbeidet med å sikre at arbeidet i barnehagane er i tråd med rammeplanen, og også kommunal barnehageplan.

Barna sitt barnehagemiljø
Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosiale samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Skolen har eit skriftleg system for å vareta elevane sitt skolemiljø. I 2018 skal kommunen ha eit tilsvarande system som er tilpassa barnehagen; førebyggjande arbeid, samt korleis ein skal følgje opp uheldige samspelsmønster.

Vi skal ha *tidleg innsats* og vere *tett på*.

Driftsramme for 2018 – 2021

Eining 10.8 - pedagogisk rådgjevar	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme - Pedagogisk rådgjevar	**7 572 941**	**7 786 000**	**8 573 219**	**8 473 219**	**8 473 219**
Gjestebarn frå/hos andre kommunar					
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-400 000				
2 tertial: Kjøp av plassar tøndergård skole	600 000	850 000			
Vidare red. etter kostnads- og effektiviseringsgjennomgang		-100 000	-100 000		
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	13 059	37 219			
Utgåande ramme	**7 786 000**	**8 573 219**	**8 473 219**	**8 473 219**	**8 473 219**

10.9 Tilskot GassROR iks, revisjon med meir

GassROR IKS

I ny samarbeidsavtale, godkjent av Kommunestyret den 16.06.2011, går det i punkt 5.2 fram at Aukra kommune årleg skal bidra med eit tilskot tilsvarande 10 pst. av til ei kvar tid innfordringsbar eigedomsskatt. Tilskotet vert endra ut frå anslag auke knytt til ny utbygging på Nyhamna.

For 2018 er tilskotet fram til endeleg taksering fastsett til same nivå som for 2017, kr. 23.542.932,-.

Aukra Sokn

Kommunen sitt økonomiske ansvar går fram av Kirkeloven § 15. Vidare er det i K-sak 36/09 pkt. 4 fatta vedtak om kommunen skal gje eit årleg tilskot til Soknet slik at dei klarar ordinær drift og økonomiske forpliktingar knytt til bygging av kyrkjelydshus.

Tilskot til Aukra Sokn er i framlagte budsjett sett lik tilskot for 2017 med kr. 3.416.000,-..

Samstundes vil administrasjonen tidleg i 2018 leggje fram eiga politisk sak med ei grundig utgreiing av soknet sitt behov og kommunen sitt økonomiske ansvar for dekning av utgifter etter kirkelova §15. I saka vil det då bli gjort endeleg vedtak om Aukra sokn sitt tilskot for 2018.

Driftsramme for 2018 – 2021

Eining 10.9 Tilskot GassROR iks, revisjon m.m.	Revidert Budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**24 567 862**	**27 085 000**	**27 430 000**	**27 240 000**	**27 240 000**
Auka tilskot til GassROR IKS som ei følge av auka eigedomsskatteinntekter	840 000	140 000			
Endra tilskot Aukra Sokn	960 000				
Endring i tilskot til GassROR iks etter endra eigedomsskatt -	85 000	15 000			
1 tertial: Auka tilskot til GassROR grunna auka eigedomsskatt	632 138				
KS - Vedteke auke i tilskot til Aukra Sokn for innkjøp av gravemaskin		190 000	-190 000		
Utgåande ramme	**27 085 000**	**27 430 000**	**27 240 000**	**27 240 000**	**27 240 000**

20 Gossen barne- og ungdomsskole

Presentasjon av tenesteområdet

Gossen barne- og ungdomsskole er ein grunnskole med 1. – 10. årssteg.

Eininga har budsjettansvar for 2 område – grunnskole og SFO.

Skolen har no 320 elevar og 61 tilsette. Skolen vart opna hausten 2013, og vi har flotte rammer for opplæringa både inne og ute. Det er viktig å få på plass gode rutiner for å ta vare på bygg og uteområde.

Verdigrunnlag for skolen: Skolen skal bygge sin praksis på verdiane i formålsparagrafen, og han skal, i samarbeid og forsting med heimen, opne dører for verda og framtida for elevane

Måla for Gossen barne- og ungdomsskole

Godt skolemiljø:

- ALLE elevane skal oppleve eit trygt og godt skolemiljø
- Skolen vil jobbe saman med elevane og heimane for å nå målet om at alle skal høyre til
- Nulltoleranse mot mobbing, aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt dersom nokon blir krenka

Utvikligsarbeid-Tidleg innsats;:

- Eit godt læringsmiljø med tydeleg klasseleiing
- Alle elevane som heng etter skal få tilbod om intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning på 1.-4.årssteg
- Fagleg utvikling for ALLE elevane

Særskild norskopplæring-tilpassa opplæring :

- Skolen har mange framandspråklege elevar. God særskild norskopplæring er viktig for å sikre at dei så raskt som mogleg vert integrert i ordinær undervisning.
- I den ordinære undervisninga blir det stort sprik i elevflokken og vi må sette inn ressursar for å tilpasse opplæringa etter føresetnadene til elevane- både fagleg, sosialt og kulturelt.

Eininga jobbar kontinuerleg med å nytte ressursane/ramma vår til det beste for elevane.

Utvikling av eininga /tenesteområde i økonomiplanperioden

Revidert Kap 9A i opplæringslova
Nye reglar om skolemiljø og mobbing gjeld frå 1. august 2017. Reglane sikrar nulltoleranse mot mobbing. Elevane har rett til å ha det trygt og godt på skolen og til å seie meininga si og bli høyrd. Skolen har aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt.

For å styrke arbeidet med å avdekke og forebygge skjult mobbing har vi gjort avtale med Tove Flack som vil komme til skolen vår jan. 2018. Ho vil halde kurs for tilsette ved Gossen bus og Julsundet skole. To gongar har Tove Flavk halde kurs for tilsette ved skolen vår. Siste gong hadde ho publisert INNBLIKK- et social-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing. Det hefte kjøpte vi då inn til alle tilsette. Heftet er to-delt. Første delen handlar om broken av sosiogram. Denne gongen er fokuset på observasjon. Ho er truleg av dei med mest kompetanse i dette vanskelege fagfeltet.

Kulturelt mangfald

Skolen skal ivareta kulturelt mangfald, inkludere alle elevane i fellesskapet og fremje felles verdiar. Skolen skal også skape respekt for at mennesker er forskjellige, og lære å løyse konflikter på ein fredleg måte.

Medansvar og medverknad/demokrati er ein bærebjelke i samfunnet, og opplæringa skal fremje oppslutning om demokratiske verdiar og demokratisk styreform.

Fokusområda har vore:

- Omsetje innhaldet i «Handbok i klasseleiing» til praksis- vaksne som handlar likt
- Bruk av gode tilbakemeldingar i faga som ein motiverande faktor-vurdering for læring og som verkty for godt læringsmiljø
- Kartlegging av sosialt samspel mellom elevar- kva når samspelet sviktar? Bruke sosiogram som verkty når det er relevant
- Klasseleiing- godt samspel mellom vaksen og elev
- Bruk av elevar som trivselsleiarar
- Personalgruppa prøver å jobbe meir forskningsbasert for å utvikle eit profesjonsfellesskap.Fokusområde har vore å lage nye utgåver av skolen sitt ordensreglement og skolen si Handlingsplan mot mobbing i tråd med gjeldande lover.
- Vi vil fortsetje å jobbe med skolebasert kompetanseutvikling for å få opplæringa meir variert og praktisk, i nettverk med Julsundet og andre skolar.
- Helsesøster på skolen 3 dagar i veka, det vert arbeidd i fellesskap for å styrke elevane si psykiske helse.

Delmål i økonomiplanperioden

Utgangspunktet for drifta til Gossen barne- og ungdomsskole er det mandat vi har fått gjennom lov, forskrift og avtalar, samt læreplanverket og budsjett.

Utfordringar og tiltak 2018

Godt skolemiljø: Å sørge for at alle elevane har det trygt og godt på skolen og lærer mest mogleg både fagleg og sosialt.

Tidleg innsats: Det blir viktig å lage system for alle elvar som blir hengande etter i lesing, skriving og rekning slik at dei får intensiv opplæring.

Opplæring for språklege minoritetar: I Stortingsmelding 21: Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen (2016 – 2017) kom det fram at skolen i Norge er prega av store ulikheiter. Dette gjeld også for nykomne elevar. For barn og unge i skolen med kort botid i Norge er tidleg innsats spesielt viktig. Særskilt språkopplæring er eit viktig tiltak for tidleg innsats.

Folkehelse og livsmestring: Elevane skal lære å mestre kvardagane og få støtte til å oppleve livet som meiningsfullt. Her trengs fleire yrkesgrupper inn i skolen. Vi har helsesøster 3 dagar. Vi ønskjer og psykolog ein dag i veka.

Læreverk: Fleire læreverk treng no å skiftast ut og fleire datamaskiner treng å byttast. Når det gjeld læreverk er fleire so gamle at det ikkje er råd å få kjøpt til bøker. Prioritert no er norskverk til 5.-7.klasse og nytt engelskverk på 1.-10.klasse. Deretter samfunnsfag og naturfag.

Kompetanse: Nytilsette lærarar får ikkje lenger undervise i norsk, matematikk og engelsk utan fordjuping. Kravet er minst 30 studiepoeng på barnesteget og 60 studiepoeng i ungdomskulen. Å rekruttere nok kvalifiserte lærarar framover vil bli ei utfordring. For å ivareta kompetansekravet tek

fleire av dei tilsette vidareutdanning.

Mange nok kompetente vaksne som er tett på bade fagleg og sosialt er vesentleg for å nå måla for opplæringa I grunnskolen.

Driftsramme for 2018 – 2021

20 Gossen barne- og ungdomsskole	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**33 631 990**	**33 554 000**	**33 244 286**	**32 319 286**	**32 319 286**
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-720 000	-330 000	-330 000		
Vidare red. etter kostnads- og effektiviseringsgjennomgang		-570 000	-595 000		
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	642 010	590 286			
Utgåande ramme	**33 554 000**	**33 244 286**	**32 319 286**	**32 319 286**	**32 319 286**

21 Julsundet skole

Presentasjon av tenesteområdet

Julsundet skole er ein grunnskole med 1. – 10. årssteg. Skolen gjev i tillegg til elevar frå Julsundet, opplæringstilbod for ungdomsskoleelevar frå Søre Fræna heimehøyrande i skolekrinsen Aureosen. Samarbeidet med Fræna kommune er sikra med ein avtale som gjeld for 10 år. (2015-2025. Oppseiingsfrist er 3 år)

Julsundet skole har 217 elevar og 10 klasser. 50 elevar kjem frå Fræna kommune.
SFO har tilbod for 41 barn. Dei fleste elevane på mellomtrinnet nyttar tilbodet med gratis leksehjelp 2 timar pr. veke. Det er om lag 35 tilsette i eininga. Eininga har budsjettansvar for 2 område: Grunnskole og SFO.
Leiinga er sett saman av rektor og ein inspektør. Totalt utgjer administrasjonsressursen 1,6 stillingar.
SFO har ein koordinator som hjelper til med den daglege drifta i 30 pst. stilling, men rektor har det overordna ansvaret for SFO. På 6 av årstrinna er det språkdeling (nyn./bm.).
23 elevar har vedtak om spesialundervisning. Det er 10 pst. av elevane. Det er stor variasjon i omfanget av vedtaka.

Skoleutbygginga går for fullt, og dette pregar eininga fram til hausten 2018 då vi kan ta i bruk dei nye lokala.

Nivå på tenester

Verksemda vert styrt etter Opplæringslova med forskrifter og økonomisk ramme for eininga. Retten til spesialundervisning og styrka norskundervisning for framandspråklege elevar er heimla i denne. I tillegg kjem mellom anna dei lokale måla og årsbudsjettet vedteke i Kommunestyret. Kunnskapsløftet frå 2006 styrer innhaldet i opplæringa. Omfanget av den ordinære opplæringa, dvs. kor mange timar elevane skal ha i dei ulike faga på ulike steg i skolegangen sin, er bestemt sentralt. Ein gjev spesialundervisning ut frå sakkunnige vurderingar frå PPT, og vedtak for den enkelte elev fatta av einingsleiar. Lovverket gjev elevane rett til eit godt skolemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Tilfredsstillande kompetanse, spesielt i Ungdomsskolen, er ei utfordring. I faga engelsk, norsk og matematikk skal lærarane ha minimum 60 studiepoeng. Fokus på dette vil vere vesentleg i tilsettingar framover. Ein ser at det er vanskar med å rekruttere norsk- og allmenn-lærarar.

Julsundet har ein tilsett som tek vidareutdanning i «Psykiske helse for barn og unge»
Vi fekk frå skolestart 2016 helsesøster-teneste 2 dagar i veka mot 1 tidlegare.

Utvikling av eininga/tenesteområdet i økonomiplanperioden

Nulltoleranse for krenking
1. august 2017 kom det ei revidering av reglane kring elevane sitt skolemiljø (§ 9.a). Julsundet skole har stort fokus på å implementere desse. Fylkesmannen har fått ei ny og aktiv rolle.
Tilsette som ser den enkelte eleven dagleg er viktig for at elevane skal føle seg trygge.
Kompetanse kring mangfaldet i skolen vert vektlagt. Dei tilsette må stå støtt i møte med andre kulturar og vere gode rollemodellar.

Tidleg innsats
Kommunen har fått øyremerka midlar til tidleg innsats. Skolane har plikt til å gje intensiv opplæring til elevar på 1.-4. trinn som strevar med lesing, skriving og rekning. Midlane skal brukast til auka lærartettleik for desse trinna. Meininga er at tiltak skal settast i verk med ein gong ein ser at det er behov for ekstra hjelp. Ein skal ikkje vente å sjå.

Ungdomstrinn i utvikling:
Julsundet skole vil ikkje sleppe taket i denne viktige satsinga enno. Vi treng å arbeide med læringsleiing for å få elevane motiverte og aktive i si eiga læring. Alle må ha kjensle av meistring. Viser her til vedtak i kommunestyret sak 34/15

Delmål i økonomiplanperioden

- Eleven sitt psykososiale læringsmiljø:
  Resultat på elevundersøkinga for 7. og 10. årstrinn er lik eller betre enn nasjonalt nivå
- Nasjonale prøver:
  Del av elevar som presterer på lågaste nivå i kommunen skal vere mindre enn dei som presterer på lågaste nivå nasjonalt
  Del av elevar som presterer på høgaste nivå i kommunen skal vere høgare enn dei som presterer på høgaste nivå nasjonalt
- Eksamen:
  Ikkje vesentleg forskjell på standpunktkarakter og karakter til skriftleg eksamen i 10.klasse
- Overgang grunnskole- vidaregåande opplæring:
  Alle avgangselevar skal starte i den vidaregåande skolen

Utfordringar og tiltak for 2018

- Utviding av ungdomsskolen frå 3 til 4 klasser. Det startar 42 elevar i 8. klasse hausten 2018
- Manglar oppdaterte program på Smartboardtavlene våre
- Behov for ekstra utstyr til mat og helse og sløyd- faga. Mykje gamalt vart rangert ut når vi måtte pakke bort alt utstyret

Driftsramme for 2018 – 2021

21 Julsundet skole	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**14 795 599**	**15 537 000**	**14 760 348**	**14 307 348**	**14 307 348**
Ekstra klasse på barnetrinner for skoleåret 2016/2017	398 950				
1. tertial 2016 - spesialunderv./assistentstøtte - heilårsverknad	1 463 000				
Ekstra klasse inntil ny skole er ferdigstilt	103 000	40 000	-143 000		
Naturfagtime innført i 5 -7 klasse blir løyst innanfor ramme					
Auka inntekt refusjon frå andre kommunar frå 2015 til 2016 utan reduksjon i ramme	-680 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-420 000	-150 000	-150 000		
1 tertial: Reduksjon 0,6 lærarstilling og 200% assistentst. Grunna elev over til Tøndergård	-555 000	-777 000			
Vidare red. etter kostnads- og effektiviseringsgjennomgang		-240 000	-160 000		
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	431 451	350 348			
Utgåande ramme	**15 537 000**	**14 760 348**	**14 307 348**	**14 307 348**	**14 307 348**

22 Barnebo barnehage

Presentasjon av tenesteområdet

Barnebo barnehage er ei pedagogisk verksemd regulert i Lov om barnehagar. Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen. Samarbeidet med heimen til barna skal ligge til grunn for verksemda.

Organisering av eininga:
Huset Furutun ligg i Hjertvikvegen 10. Her er det 4 avdelingar for barn i alderen 1-3 år.
Huset Riksfjord ligg i Riksfjordvegen 189. Her er det 4 avdelingar for barn i alderen 3-5 år.

Nivå på tenester

Barnehagen sitt innhald. Lov om barnehagar § 2.

> *«Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.*
> *Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.*
> *Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.*
> *Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.*
> *Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.»*

Alle barn med lovfesta rett til plass, etter § 12a i Lov om barnehagar, skal ha plass frå oppstart nytt barnehageår. I år skal barn som fyller eitt år til og med november månad ha plass, i samsvar med forventning frå nasjonalt hald.

Implementering av ny rammeplan, innføring av bemanningsnorm og skjerpa krav til pedagogisk bemanning.

Barnebo arbeider for å auke kvaliteten på tenesta under paraplyen «barns psykiske helse».

- Tidleg innsats
- Trygg tilknytting gjennom ei meir foreldreaktiv tilvenning
- Krafta i omsorg og gode relasjonar
- Godt språkmiljø og språkstimulering
- Å høyre til – mangfald som ressurs i inkluderingsarbeidet

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiplanperioden

- Nytt barnehagebygg
- 2018 – Planlegging av plassering, innhald og funksjonar i nytt bygg
- 2019 - Tomtearbeid
- 2020 – Byggeprosess
- 2021 – Innflytting til nytt barnehageår i august

I påvente av nytt barnehagebygg på Aukratun, vert avdelingar for barn over 3 år drive i mellombelse lokalar på Riksfjord.

Delmål i økonomiplanperioden

Auke kvaliteten på innhaldet i tenesta gjennom tiltak under paraplyen «barns psykiske helse». Utdanne eigne tilsette til barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar.

Auke den barnehagefaglege kompetansen til alle tilsette innan prioriterte kompetanseområder.

Vere ein aktiv høyringsinstans i arbeidet med gjennomgang av barnehagelova og revidering av Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Utfordringar og tiltak for 2018

Implementering av Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Å dimensjonere nivå på teneste med fødselskull som varierer mykje og samtidig praktisere ein god personalpolitikk.

Driftsramme for 2018 – 2021

22 Barnebo barnehage	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**16 686 903**	**16 417 000**	**16 904 486**	**15 910 486**	**15 910 486**
1. tertial 2016 - midlertidig korr. Ramme Barnebo/Bergetippen	-935 000				
Styrka tilbod førskulebarn, endringar i tenestenivå	717 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-550 000	-450 000	-362000		
1 Tertial: Auka ressursbehov frå hausten 2017 på grunn av ny brukar med nedsett funksjons evne.	189 000				
Styrka tilbod til førskolebarn		632 000	-632 000		
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	309 097	305 486			
Utgåande ramme	**16 417 000**	**16 904 486**	**15 910 486**	**15 910 486**	**15 910 486**

Tilrådde tiltak:

Spesialpedagog, spesialped. assistent og assistent barn m/ nedsett funksjonsevne
Behov for ressursar til spesialpedagog, spesialpedagogisk assistent og assistent for barn med nedsett funksjonsevne, Barnehagelova § 19 a og g.
Tre av fire barn er skolestartarar hausten 2018 og auka gjeld ut barnehageåret vår 2018. Netto auke vert kr. 632.000,-.

23 Bergetippen barnehage

Presentasjon av tenesteområdet

Bergetippen barnehage er eit pedagogisk verksemd med tilbod til barn frå 1 – 5 år i Aukra kommune. Barnehagedrifta er organisert i avdelingar. Avdelingane har bemanning med ein pedagogisk leiar og to assistentar, der dei fleste er barne – og ungdomsarbeiderar. Opningstida er kl. 7.00 – 16.30.

Organisering av eininga

Bergetippen barnehage har fem avdelingar samla i nybygg.
To storbarnsavdelingar med 18 plassar, 3 – 5-åringar
To småbarnsavdelingar med 9 (18) plassar , 1 – 3-åringar
Ei avdeling med 9 plassar, 2 -4 –åringar

Det er tildelt plass til 65 barn hausten 2017. Det betyr at det er litt ledig kapasitet ved oppstart, men i løpet av hausten vert det teke inn barn som har rett på plass etter oppstart. Tre av barna har deltidsplass på 80 %. Det er tildelt plass til 1 barn frå anna kommune, som er barn av tilsett. Barnehagen har satsingsområde språk, kultur og friluftsliv, med eit lokalt utvikla språkprosjekt tilpassa barnehagen. Det blir arbeidd med lokal identitet gjennom desse satsingsområda.

Overordna mål for tenesteområdet
Barnehagedrifta er regulert av Lov om barnehagar, Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen, kommunen sine vedtekter og barnehageplan. Barnehagen har årsplan som seier korleis det pedagogiske arbeidet er planlagt og gjennomført.
Lov om barnehagar seier:
§ 1. Formål
«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

Nivå på tenestene

<u>Rett til plass</u>
Barnehageloven § 12 a regulerer retten til plass. Retten til barnehageplass gjeld for barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass. Dersom barnet fyller eitt år i løpet av august det året det vert søkt om plass, har barnet rett på plass innan utgangen av august. Dersom barnet fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt, har barnet rett på plass innan utgangen av den månaden barnet vert født.
For barnehageåret 2017 – 2018 er denne retten oppfylt i Bergetippen. Det vert gjort fortløpande opptak gjennom barnehageåret når det er høve til det.

<u>Rekruttering</u>
Det har gjennom fleire år vore store vanskar med å rekruttere barnehaglærarar til barnehagen, slik at det kvar år har vert søkt om dispensasjon frå utdanningskravet og konstituert fagarbeidarar i desse stillingane. Bergetippen har frå nytt barnehageår haust 2017 utdanna barnehagelærarar i alle fem stillingane, og har ingen på dispensasjon dette året.
Det er signal frå Kunnskapsdepartementet om at det skal fleire pedagogar inn i barnehagen enn det er no. Det betyr at det må rekrutterast fleire, og at ein ikkje er i mål med dei som allereie har utdanna seg.

Utvikling av eininga/ tenesteområdet i økonomiplanperioden

Vi vil arbeide for å styrke kvalitet på desse områda:
Gjennom nok personale, vil ein ha ei tilpassa drift som gjer at ein kan tilby plass til alle som har rett på det, og i tillegg til dei som har behov for plass i løpet av barnehageåret.

Rett til plass
Gjennom nok administrativ ressurs og nok personale, vil ein ha drift som gjer at ein kan tilby plass til alle som har rett på det, og i tillegg dei som har behov gjennom barnehageåret.

Kompetanseheving

- Frå august 2017 har barnehagane fått ny rammeplan. Med dei oppgåvene som rammeplanen gir barnehagane, er nok og riktig kompetanse svært viktig. Det må framleis vere stort fokus på utdanning og vidareutdanning.
- Bergetippen har nok pedagogar no, men med dei signala som er, trengst det fleire. Det er framleis aktuelt å vidareutdanne eigne fagarbeiderar, og då må det vere økonomisk rom for at desse får full lønn og at det vert betalt vikar når dei har studiepermisjon.
- Frå august 2017 starta ein fagarbeidar på barnehagelærarutdanning.
- To tilsette har i 2017 starta utdanning som barne- og ungdomsarbeidar. Det betyr at til neste barnehageår vil 11 av 12 assistentar vere fagarbeiderar. Det er vi stolte av.
- Dette året vil heller ikkje einina ha lærling, sidan utgifter til lærling er ein del av det som må kuttast i ramma til einina.

Tidleg innsats

- Den nye rammeplanen legg vekt på tidleg innsats, og barnehagen ser det som viktig å tidleg fange opp dei sårbare barna. Ein har erfaring med at det er behov for spesialpedagogiske/ekstra ressursar med lønsmidlar til ei stilling på 50 – 100 % kvart barnehageår. I 2017/18 har ein så langt behov for 50 % stilling første del av året for å gje god oppfølging.

Delmål i økonomiplanperioden

Bergetippen er samla til ei eining under same tak etter seks år med midlertidig drift. Det gir høve til å planlegge drift som er betre både pedagogisk og økonomisk.

- Implementere ny rammeplan med dei satsingane som er vektlagt her.
- To fagarbeiderar ferdig utdanna.
- Implementere handlingsplan for meir bruk av IKT i barnehagen, der målet er auka kompetanse blant barn og personale. Dette er i tråd med at digitalisering er eit satsingsområde.
- Gjennom kursmidlar styrke kompetansen i personalet innanfor språk, kultur, friluftsliv og andre aktuelle fokusområde som rammeplanen vektlegg

Utfordringar og tiltak for 2018

- Kunne tilby plass til alle som har rett på plass og dei som har behov for plass gjennom året.
- Implementere ny rammeplan
- Auke kompetansen til personalet på område som ny rammeplan vektlegg
- Aukrabarnehagen utarbeider handlingsplan for førebygging og handtering av mobbing i barnehagen
- Rekruttere/utdanne fleire barnehagelærarar
- Auke personalet sin kompetanse som profesjonelle tilsette, som arbeider for barna sitt beste og gir kvarande gode tilbakemeldingar for å bli enno betre i arbeidet, jmfr. samarbeid med STYD om tilbakemeldingskultur.

- Godt samarbeid med Julsundet skole for å sikre god overgang barnehage-skole
- At barn og personalet kan utvikle seg i tråd med visjonen vår :
  VI VIL VEKSE !

Driftsramme for 2018 – 2021

23 Bergetippen	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**10 168 270**	**11 147 000**	**11 107 584**	**10 910 584**	**10 910 584**
1. tertial 2016 - midlertidig korr. Ramme Barnebo/Bergetippen	935 000				
Styrka tilbod førskulebarn, endringar i tenestenivå	73 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-300 000	-250 000	-197 000		
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	270 730	210 584			
Utgåande ramme	**11 147 000**	**11 107 584**	**10 910 584**	**10 910 584**	**10 910 584**

24 Innvandring og integrering

Presentasjon av tenesteområdet

Eining for innvandring og integrering vart oppretta 1. oktober 2016.

Einingа består av tre avdelingar:

1. Ei avdeling som skal busette, kvalifisere og integrere vaksne flyktningar og flyktningfamiliar.
2. Ei avdeling for einslege mindreårige flyktningar.
3. Vaksenopplæring

Busetting, kvalifisering og integrering.
Einingа busett i tråd med oppmodinga frå IMDI. Det er busett 19 flyktningar til saman i 2017. Det er 46 aktive deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram. Introduksjonsprogrammet består av norskopplæring, samfunnsfag og arbeidsretta tiltak. Deltakarane får undervisning ved Aukra vaksenopplæringssenter.

Einslege mindreårige flyktningar.
Einingа har tre døgnbemanna bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar, Teia bufellesskap, Rød bufellesskap og Solsiden 1 bufellesskap (i sentrum). På Teia bur det fem gutar, to frå Eritrea og tre frå Afghanistan. Dei er i alderen 13-16 år. På Rød bur det fire gutar, tre frå Afganistan og ein frå Etiopia. Dei er og i alderen 13-16 år. På Solsiden bur det to gutar frå Afganistan. Dei er 11 og 13 år.

I desember vert det truleg opna eit bufellesskap til i sentrum (Solsiden). Der skal det bu to gutar.

Dei fleste av dei einslege mindreårige går på Gossen barne- og ungdomskole, men to av dei har starta på vidaregåande skole.

Vaksenopplæring
Aukra vaksenopplæring vart opna 21. august 2017. Det er om lag 40 elevar som får undervisning i norsk med samfunnsfag ved vaksenopplæringssenteret. 27 av dei er deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram for nykomne innvandrarar. Resten er andre innvandrarar med rett og plikt til norskopplæring og betalingselevar. Det vert undervist 20 timar norsk med samfunnsfag i veka. I tillegg har deltakarane i introduksjonsprogrammet 10 timer introtimar per veke. Introtimane er arbeidslivskurs, foreldrerettleiingskurs, økonomikurs, kurs i eiga bustadskarriere, temakurs med eksterne førelesarar og leksehjelp.

Ni deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram tek grunnskule for vaksne. Desse deltakarane får undervisning ved Molde voksenopplæringssenter.

Resultat for 2017: 11 personar har avsluttar introduksjonsprogrammet i 2017. Av desse går 10 personar over i arbeid eller utdanning. Det gir ei måloppnåing på 91%.

Nivå på tenester

Arbeidet med kvalifisering av flyktningar er regulert etter Lov om introduksjonsprogram for nykomne innvandrarar. Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar er ei forskrift til introduksjonslova. Føremålet med introduksjonslova og med opplæring i norsk og samfunnsfag er å styrke nykomne innvandrarar si moglegheit for deltaking i yrke- og samfunnsliv, og deira økonomiske sjølvstende.

Arbeidet med einslege mindreårige er forankra i Lov om Barneverntenester.

Rekruttering

Det er tilsett fem personar i administrasjonen, einingsleiar, avdelingsleiar, to programrådgjevarar og ein rådgjevar for økonomi og service.

I dei døgnbemanne bufellesskapa er det tilsett 8 personar i kvart bufellesskap. Det er jamt fordelt på miljøterapeutar og miljøarbeidarar. Når det nye bufellesskapet på Solsiden vert opna i desember, vil fire av dei tilsette i Solsiden 1 gå over til Solsiden 2, då det i desse bufellesskapa skal bu berre to barn i kvart bufellesskap. Dei tilsette går i langturnus.

Delmål i økonomiplanperioden

- Bygge opp ei eining som skal yte gode tenester til brukarane og som skal ha eit godt fungerande apparat når det gjeld busetting, kvalifisering og integrering
- Sikre eit fagleg godt innhald i introduksjonsprogrammet
- Høg overgang til arbeid og utdanning for deltakarane i introduksjonsprogrammet.
- Starte elevbedrift der kommunen kan tilby eigne praksisplassar, både til deltakarene i vaksenopplæringa og til andre som står langt frå arbeidslivet
- Fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet og kvalifisering på lavterskelnivå
- Sikre god tilgang til praksisplasser for deltakarane
- Godt samarbeid med andre kommunale einingar og lokalt næringsliv
- Innarbeide gode samarbeidsrutiner mellom administrasjon og eiga vaksenopplæring.
- Godt samarbeid med ekstern vaksenopplæring (grunnskole for vaksne) og utdanningsinstitusjonar, særskilt med tanke på utdanning av vaksne personar over 25 år
- Utstrakt samarbeid med frivillige organisasjonar og kulturavdelinga i kommunen
- Fleirkulturelle arrangement som syner mangfaldet i kommunen
- Samarbeid med andre kommunar – flyktningfagleg nettverk
- Ivareta og utvikle den gode tenesta rundt arbeidet med dei einslege mindreårige flyktningane og syte for at dei får nødvendig omsorg og oppfølging, noko som inneber tett samarbeid med skole, barnevern, helse, Bufetat osb.

Utfordringar og tiltak for 2018

Eininga ønskjer eit større fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet. I samband med dette kjøper eininga eit arbeidslivskurs frå ekstern tilbydar, der dei deltakarane som er i sluttfasa av introduksjonsprogrammet får opplæring i tema retta mot deltaking i arbeidsliv. Fokus på samarbeid med andre kommunale einingar og privat næringsliv med tanke på språkpraksisplassar, arbeidspraksisplassar og utdanningspraksis. I samband med arbeidsretting av introduksjonsprogrammet har eininga fått tildelt kommunale utviklingsmidlar frå IMDI til å starte elevbedrift.

For nybusette flyktningar kan overgangen til det norske samfunnet vere utfordrande, då spesielt med tanke på foreldrerolla i eit nytt land med anna kultur, og på samarbeid med skole/barnehage, helsestasjon osb. Eininga søkte om midlar frå Bufetat for å legge foreldrerettleiing inn i introduksjonsprogrammet og fekk tildelt kr. 200.000,- fordelt på fire år til dette føremålet. Dei to programrådgjevarane er snart sertifiserte ICDP (International Child Development Program) rettleiarar og vert ansvarlege kurshaldarar i dette temaet.
Det er og eit stort behov for utdanningsløp for deltakarar over 25 år, og eininga vil forsatt ha fokus på samarbeid med Møre og Romsdal fylke og dei vidaregåande skolane i området.

Det vil bli lagt vekt på å halde fram med fleirkulturelle arrangement som kan vise mangfaldet i kommunen og som kan føre til samhandling mellom lokalbefolkning og innvandrarar.

Fokus på rekruttering av friviljuge som kan bidra i arbeidet med integrering.

Erfaringsutveksling med andre kommunar.

Kompetanseheving av dei tilsette.

Driftsramme for 2018 – 2021

24 Innvandring og integrering	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme		-	-	-	-
Utgåande ramme	0	0	0	0	0

Eininga har ikkje tildelt ramme då drifta vert finansiert gjennom statleg tilskot og bruk av fond.

25 Kultur

Presentasjon av tenesteområdet

- Kulturavdelinga utfører tenester innafor arbeidsfelta ungdomsarbeid, folkehelse, idrett og friluftsliv, frivilligsentral, kulturskole, bibliotek, samt lokalhistorisk arbeid.
- Ein viktig og avgjerande samarbeidspart for alle tenestene er det frivillige kulturlivet og einingane i kommunen.
- Einingа har delt drifta inn i ni ulike fagområde. Desse er sjølvstendige, med eige ansvarsområde i driftsbudsjettet. Den store bredda i fagfelta vert utnytta som ei styrke i utviklinga av kulturfeltet i kommunen. Utfordringa med organiseringa er at dei fleste arbeider åleine på sitt fagfelt.
- Overordna mål for tenesteområdet er vedtatt i Kulturplan 2017-2020:

Arena for kulturaktivitet	Frivillig sektor	Barn og unge	Kulturformidling	Kultur og næring	Folkehelse, fysisk aktivitet og friluftsliv
Gjennom målretta kulturarbeid vere ein attraktiv bukommune der alle kjenner at dei høyrer til.	Skape god kommunikasjon og møteplassar mellom kommunen og frivillige, samt skape gode rammer for frivillig aktivitet.	Alle barn skal oppleve ein trygg oppvekst og ha tru på eigne krefter.	Formidle historia vår og skape identitet gjennom kunst- og kulturformidling.-	Bygge merkevare rundt kultur-opplevingar og attraksjonar.	Folkehelse-arbeidet skal styrkast ved godt tverrsektorielt samarbeid og tilrettelegging innan fysisk aktivitet og friluftsliv.

Nivå på tenester

Folkehelse: I lov om folkehelse og i folkehelsemeldinga er kommunen sitt ansvar for folkehelse eit viktig punkt. Ein ønskjer at det vert arbeidd med folkehelse på tvers av sektorane. Nye fokusområde er tidleg innsats og gode levekår for alle. Kommunen skal også samarbeide med frivillige organisasjonar, som er viktige aktørar i folkehelsearbeidet.

Aukra Kulturskole: Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag er forankra i opplæringslova, paragraf §13-6: «*Alle kommunar skal åleine, eller i samband med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.»* Aukra Kulturskole skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det, og vere eit kunstnarisk og kulturpedagogisk kompetansesenter i kommunen.

Aukra folkebibliotek: Lov om folkebibliotek seier at «Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.» Med endring i lova frå 2013, skal folkebiblioteket legge stor vekt på møteplassfunksjonen og rolla som formidlar. Tenestene skal vere gratis og tilgjengeleg for alle.

Utvikling av einingа/tenesteområdet i økonomiplanperioden

Område einingа vil arbeide for å styrke kvaliteten:

- Vi skal medverke til å utvikle og forsterke ei felles verdiplattform der vi mellom anna gjennom MOT-programmet arbeider for å skape robust ungdom. Vi skal samhandle for å

styrke skolekultur og nærmiljø, både blant vaksne og ungdom slik at vi har ei felles forståing for viktigheita av å skape ein kultur der alle er inkludert.
- Kulturavdelinga skal synleggjere at vi er ein viktig ressurs i det førebyggande arbeidet i kommunen.
- Utvikle satsinga på barn og unge, særleg i forhold til å høyre til og psykisk helse. Etter to Ungdata undersøkingar ser vi at dette er eit viktig område. Vi vil ha fokus på prosessen i etterarbeidet, der medverknad av unge skal stå i sentrum.
- Planlegge innhald og funksjonar i Kulturhuset for alle tenesteområda i eininga. Gjennom bruk av metoden tenestedesign skal brukarane av huset involverast i prosessen.
- I samarbeid med frivillige skal vi registrere, ta vare på og formidle kulturskattane i Aukra i samsvar med kulturminneplan.
- Utvikle biblioteket si rolle som møteplass og formidlar.
- Implementere ny rammeplan «Mangfald og fordjuping» i kulturskolen.
- Etablere tilbod av høg kvalitet i kulturskolen sitt breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram.
- Alle i kommunen skal kunne finne frivilligsentralen som møteplass, uansett alder. Sentralen skal være ein aktiv medspelar for innbyggjarane og for frivillige lag og organisasjonar.

Delmål i økonomiplanperioden

Ungdomsarbeid

- Ung data 2017 undersøkinga vert jobba vidare med i kommunen og i samarbeid med Aukra Ungdomsråd. Tiltak vert jobba vidare med etter prioritert tilråding.
- Ungdomsrådet skal vere med i planleggingsfasen av nytt Kulturhus og uttale seg om planarbeidet.
- Være aktiv medspelar i arbeidet med Barne- og ungdomsplan.
- Vi skal styrke det førebyggande barne- og ungdomsarbeidet ved å tilsette ein medarbeidar i prosjektstilling i 2018.
- Gjennom betre opplæring skal ungdomsrådet bli styrka i rolla som arrangør av Ung Kultur Møtast (UKM).
- Arrangere workshop før UKM lokalmønstring, i samarbeid med Fræna, Molde og Midsund kommune.
- Vedta og innarbeide ny MOT-avtale; «MOT Løftet 2017» i løpet av våren 2018.
- Ungdom med MOT og Aukra Ungdomsråd skal delta på møter og samlingar for å marknadsføre arbeidet dei gjer.
- Gjennomføre ei årleg samling med Ungdom Med MOT og Aukra Ungdomsråd for å utvikle eigarskap og glede i verva.

God helse/idrett og friluftsliv

- Arbeide for å betre det tverrsektorielle folkehelsearbeidet gjennom å etablere ei folkehelsegruppe der barnehagar, skolar og helsetenesta er viktige deltakarar.
- Følgje opp arbeidet med Kyststi vidare frå Komedantholmen og nordaustover mot Kleivhaugen.
- Auke talet på deltakarar på *Aktiv på dagtid – ung tur* og vidareutvikle dei etablerte tilboda Aktiv senior og Aktiv på dagtid.
- Utvikle arbeidet med frisklivssentral i samarbeid med helsetenesta og få med fleire deltakarar.
- Auke fokuset på gode levekår for alle innbyggjarar i Aukra kommune, særleg for dei som har ein utfordrande kvardag.
- Følgje opp samarbeidet med TEB og setje av faste midlar til vedlikehald av turstiar og friluftsområde.

- Systematisere samarbeidet med velforeiningar, grendalag og andre frivillige organisasjonar.

Aukra frivilligsentral

- Skape ein lokal dag under internasjonal veke der målet er at fleire skal delta i kulturlivet.
- Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar. Sende ut månadleg e-post om aktuelle saker, tilskot etc.
- Sette i gang ny runde med «Aukrakompis» i samarbeid med eininga «Innvandring og integrering».
- Starte opp kor i samarbeid med pleie og omsorgstenestene med brukarar og pårørande som songarar.
- Bruke kommunen sin aktivitetskalender og synleggjere tilboda på sentralen.
- Etablere ein uformell møteplass for frivillige lag og organisasjonar der dei kan samarbeide på tvers, ha idèdugnadar og planlegge større arrangement.
- Fortsette samarbeidet med NAV med tanke på å ha folk i arbeidspraksis.

Lokalhistorisk arbeid

- Vidareutvikle engasjement for det lokalhistoriske arbeidet gjennom å etablere historielag.
- Gjennomføre dei prioriterte tiltaka som er vedtatt i handlingsdelen av kulturminneplan.
- Vi skal vere pådrivar for at kulturhuset skal vere ein god arena for formidling av den lokale historia både gjennom utsmykking, utstillingar og andre arrangement.

Aukra Kulturskole

- Arbeide for å behalde og vidareutvikle tilboda vi har starta opp i vårt breiddeprogram; Småbarnstrall, Fleire Fargar og Elektronisk musikkproduksjon.
- Kompetanseheving blant tilsette innan IKT og digital kultur.
- Rekruttere kulturskolelærar med teknisk og digital kompetanse.
- Bidra i planlegging av innhald og funksjonar i Julsundet skole og samfunnshus.
- Starte arbeidet med å utarbeide nye fagplaner i tråd med ny rammeplan.

Biblioteket

- Arbeide for å få eit best mogleg folkebibliotek i det nye kulturhuset. Vi skal bruke tid på å sjå på framtidsretta løysingar, og ta kontakt med bibliotek som har vore gjennom den same prosessen.
- Biblioteket skal vere med å integrere framandspråklege, både gjennom å vere ein møteplass og gjennom dei faglege tenestene våre.
- Ha fokus på arrangement og formidling med vekt på kvalitet og variasjon.

Utfordringer og tiltak for 2018

- Å vite kva ungdom ønskjer seg av tilbod på fritida.
- Kulturskolen har mottatt prosjektmidlar for å starte opp musikktilbod som er med på å styrke integrering og språkutvikling blant flyktningfamiliar. Det vert ei utfordring å drive desse tilboda etter prosjektperioden innafor eksisterande økonomisk ramme.
- Å gje tilbod til alle som ønskjer det. Kulturskolen har venteliste i enkelte fag.
- Ha nok administrativ ressurs i kulturskolen til å utføre auka omfang av faglege og administrative oppgåver.
- Lov om folkebibliotek pålegg biblioteka å vere ein møteplass og formidlingsarena. Til dette føremålet er dagens lokale ikkje egna.
- Biblioteket har dei siste to åra fått tilskot frå Nasjonalbiblioteket for å drive formidling. Ein

kan ikkje vente å få dette tilskotet i åra framover, og det vil då bli ei utfordring å drive formidling innafor den eksisterande økonomiske ramma.

- Vår prioriterte satsing på opparbeiding av flotte turstiar, friluftsområde, skilting og tilrettelegging krev også mykje gjennom drift og vedlikehald, både av tid og ressursar.

Driftsramme for 2018 – 2021

25 Kultur	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**9 303 893**	**9 773 000**	**10 329 739**	**9 949 739**	**9 949 739**
Kulturminnearbeidet 2015-2016 (30% still.)	-300 000				
Øyriket i Romsdal	-85 000				
Bygdebok Aukra (korr. 2. tertial 2015)		-200 000	-200 000		
2. tertial - Kulturminneplan ikkje iverksett, redusert utbetaling av kommunale tilskot	630 000				
Frivilligsentral - avslutta statleg tilskot	310 000				
Vedlikehald for turstiar - ansvar og ramme overføres til ramme 62	-35 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-283 000	-276 000	-180 000		
1 tertial: Auka driftstilskot Romsdalsmuseet	76 000				
Auka avsetning til fond for tilskot til frivillige lag og org.		200 000			
Kulturformidlar		656 000			-656 000
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	156 107	176 739			
Utgåande ramme	**9 773 000**	**10 329 739**	**9 949 739**	**9 949 739**	**9 293 739**

Tilrådde tiltak:

Fond Tilskot til frivillige lag og organisasjonar i nærmiljøet

Fondet, som vart oppretta i 2009, var opphavleg på kr. 2.000.000,-. Fondet vart for budsjettåret 2013 auka med kr. 500.000,- og med 250.000,- i 2015. Pr i dag har fondet ein saldo på om lag kr. 9.500,-. Med tildelingar frå dette fondet, som blir gjort av livsløpsutvalet, er Aukra kommune med å skape positivt engasjement og gode trivselstiltak i kommunen. Mange prosjekt har blitt gjennomført som elles ikkje ville vore mulig å få til. Det er ønskeleg å oppretthalde denne ordninga, med søknadsfrist 1. mars og 1. september. Bakgrunn for oppretting av fondet var at alle lag og organisasjonar skal få høve til å søkje kommunen om stønad på så like vilkår som mogeleg. Fondet er ikkje meint å skulle gi stønad til vanleg driftstiltak innan laget eller organisasjonen.

Kulturformidlar 100% stilling

Aktivitetsnivået innafor kulturfeltet aukar og oppgåvene endrar seg. Kulturformidlaren vil ha ei viktig rolle som bindeledd mellom kommune og frivilligheita. Den skal ha ei aktiv rolle når det gjeld å legge til rette for at Aukra kommune skal vere ein attraktiv kommune både å bu i og besøke.
Fritidskulturlivet spelar ei viktig rolle når slike avgjersler skal takast. Vi ønskjer å ha eit større fokus på det førebyggande perspektivet og satsingsområdet «Å høyre til i Aukra». Samhandling med andre tenesteområde vil vere ei sentral arbeidsoppgåve for kulturformidlaren. I tillegg ser vi også at med eit målretta arbeid gjennom Kulturplan og
Kulturminneplan vert aktiviteten større.
Kultur har pr. i dag ei 50% stilling som kultursekretær. Denne stillinga vil vere vakant frå og med 01.10.17 pga. permisjon. Vi opplever rekrutteringsarbeidet som utfordrande med tanke på kompeanse og kontinuitet i mindre stillingar. Retningslinjer for heiltidskultur i Aukra kommune (2016-2018) er utarbeidd med bakgrunn i nasjonal satsing for å skape ein heiltidskultur i kommunane. Her vert det vist til at utfordringane er størst i eining for
pleie- og omsorg, skule og kultur.
Vedtak om retrettstilling i F-sak 51/17 gjeld frå 1. oktober 2017 til og med 31.12.2020.

30 Eining institusjonstenester

Presentasjon av tenesteområdet

Einings sitt ansvarsområde er Aukraheimen, Avlastingsboligen for barn og unge opp til 18 år, Bergtun bufellesskap og støttekontakttenesten for aldersgruppa 0 til 70 år. Eining heimetenester og Eining institusjon har tett samarbeid i tenesteutøvinga.

Beskriving av tenesta

- Aukraheimen har pr september 2017 35 langtidsplassar i sjukeheim inkludert rom for ferdigbehandla pasientar frå sjukehuset i tråd med samhandlingsreforma. Vi har vi tilbod om avlasting, korttidsopphald, rehabilitering og lindrande omsorg. Frå 1 juni 2015 vart det oppretta eit interkommunalt samarbeid med Molde om Kommunale Akutte døgnsenger (KAD).
- 24 april 2018 tek vi over drift av nytt omsorgssenter i Aukra. Her vil det vere 23 langtidsplassar, eit rom for palliativ behandling, samt eiga avdeling for korttids og rehabilitering (6 plassar). Vi er no i ei krevande omstilling der vi legg om drifta i tett samarbeid med Eining for Helse og Heimebaserte tenester. Vi har no starta opprusting av eit nytt tilbod i omsorgstrappa. Omsorgsbustadar med heildøgns omsorg, som er eit tilbod der brukaren får oppfølging av heimetenesta.
- Kjøkenet på Aukraheimen er institusjonskjøken som i tillegg til å levere mat til sjukeheimsbebuarane òg lagar middag for om lag 140 heimebuande kvar veke.
- Bergtun bufellesskap for funksjonshemma har 10 bebuarar. Den siste leilegheita sto ferdig 01.05.-15. Det vert gjort ei kartlegging for å sjå på framtidige behov for bustadar for personar med nedsett funksjonsevne. Aukra kommune bygger to nye bustader I tilknytning til Bergtun i 2018.
- Avlastingsbustaden har i dag har 3 personar på avlasting, i tillegg får 3 person avlasting i eigen heim.
- Dagsenteret for psykisk utviklingshemma har for tida 9 brukarar.
- Vi har i dag omlag 21 aktive støttekontaktar som arbeider med personar under 70 år.

Overordna mål i Omsorgsplan 2020

- Helse- og omsorgstenestene skal ha fokus på aktivitet uavhengig av funksjonsnivå,
- med aktivitetstilbod som er tilgjengelig for alle. Helse og omsorgstenestene skal styrke satsinga på førebyggjande helsearbeid på tvers av tenesteområda. Helse- og omsorgstenestene skal sikre at alle som treng det får rehabilitering.
- Pleie og omsorg skal jobbe med kvardagsmeistring som førebyggjande og rehabiliterande tankesett som vektlegg den enkeltes meistring i kvardagen uansett funksjonsnivå. Brukarstyring og vektlegging av den enkeltes ressurser og deltakelse står sentralt.

Organisering av einings

Tenesta er organisert med einingsleiar og 3 avdelingsleiarar med ansvar for Aukraheimen, Bergtun/avlastingsbolig og Kjøken. Rådgjevar økonomi og merkantil personale yt til begge einingane Institusjon og Heimebaserte tenester.

Rammer på tenester

Helsepersonell er og styrt av faglege og yrkesetiske retningsliner som ligg til profesjonen.
Vi er i ein kontinuerlig prosess med å revidere og forbetre dei skriftlege prosedyrane. Det er sentralt for å sikre kvaliteten på tenesta.

Kvalitet på tenesta

Heiltidskultur for helsepersonell er langt på veg nådd i Institusjonstenesta etter at ny arbeidstidsordning vart iverksatt i 2017, dette vidareførast inn i nytt Omsorgssenter. Dette inneber at tilsette med helsefagleg kompetanse skal gå i heiltidsstillingar for å sikre fagleg forsvarlig drift til ei kvar tid. Vi går no i nye turnusar og arbeidstidsordningar som skal heve det faglege nivået på tenesteytinga i Institusjon. Både leiarar, tillitsvalde og arbeidstakarar skal sikre god kvalitet på tenestene i pleie og omsorg i Aukra kommune.

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiplanperioden

Det er godt kjent at talet på yngre og eldre brukarar er stigande for helse- og omsorgstenesta. Samtidig vert det færre hender i arbeid, og dette krev nye løysingar. Aukra kommune er i en prosess for å imøtekomme framtida sine utfordringar på ein best mogleg måte. Leiarar og arbeidstakarar er med i ulike fora der ein ser på behovet for Velferdsteknologiske løysingar som kan trygge kvardagen for brukaren og dei tilsette. Dette feltet er stort og krev ei kompetanseendring innen Pleie og Omsorg.

Endring i tenestebehov etter at samhandlingsreforma starta 01.01.12 vert meir tydeleg. Pasientane skal få best mogleg behandling på lågast mogleg nivå. Erfaringane hittil er at pasientane vert tidligare skrivne ut frå sjukehuset, og treng meir omfattande behandling enn før. Det aukar òg behovet for sjukepleiefagleg kompetanse, noko som til tider kan vere vanskeleg å få rekruttert.

Delmål i økonomiplanperioden

- Prosjektplan flytting til nytt Omsorgssenter, opplæring av personell, fysisk flytting av pasienter, fysisk flytting av inventar.
- Pleie og omsorg skal ha meir effektiv og funksjonell organisering av tenestene. Sømløst mellom Helse, Heimetenester og Institusjon.
- Pleie og omsorg arbeider for å redusere kostnadane i driftsnivået og samtidig oppretthalde god kvalitet på tenestene.
- Vidareføring av gode arbeidstidsordningar som sikrar kvalitet i pleie og omsorg, samt heiltidskultur for arbeidstakarane
- Endra struktur i avdelingsinndeling og nytting av kompetanse

Juridisk kompetanse

Pleie- og omsorgstenestene har komplekse saker som krev saksbehandling der fleire lovverk gjeld i enkeltsaker.

Kvalitetsmål for pleie og omsorg i 2018.

Møtet mellom tenestemottakar og Aukra kommune skal ha i seg ei grundig behovskartlegging og avklaring av forventningar, slik at tenestemottakar får rett hjelp. Vi har eige Forvaltningsmøte med saksbehandling og vedtak i fastsette møte kvar veke. Forvaltningsmøtet skal basere seg på grundig forarbeid med tverrfaglege vurderingar av enkeltsaker, der lege, fysio og ergoterapiteneste i samarbeid med institusjons og heimetenester har laga ei god kartlegging av kvar sak. Aukra kommune sine tilsette skal ha nødvendig kompetanse til å utføre pleie- og omsorgsoppgåvene dei har ansvaret.

Utfordringar og tiltak for 2018

- Praktisk; Organisering av flytting I nytt Omsorgssenter
- Rekruttering av sjukepleiarar/helsefagarbeiarar i heiltidsstillingar er viktig for å kunne ta vare på utfordringane i framtida. Rett kompetanse, på rett stad, til rett tid.
- Omlegging av sjukeheimsplassar til omsorgsbustadar med heildøgns drift. Opprette eit godt

tilbod I omsorgsbustader med Heildøgns omsorg.

- Planlegging av omsorgsbustadar for personar med nedsett funksjonsevne

Driftsramme for 2018 – 2021

30 Institusjon og buteneste	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**45 350 358**	**50 708 000**	**49 740 507**	**47 354 507**	**44 644 507**
Livsglede sjukeheim prosjekt	57 927				
2. tert. 16 - auke i tenestenivå Bergtun jfr. Vedtak					
Drift velferdsteknologi	100 000				
Bergtun utbygging - drift		800 000			
Kostnads- og effektiveringsgj.g. - Omlegging drift til heildøgns omsorg	-1 914 142	-5 889 000	-1 961 000		
1. tertial: Bergtun - uke i årsverk med 0,57 i 2017 og ytterligare 1,18 i 22.06.-17. Avlasting auke på 1,25 årsverk	1 200 000				
1 tertial: Meirforbruk Aukraheimen i 2017 grunna omlegging av drifta	2 100 000	-2 100 000			
2. tertial: midlertidig auke i ramme knytt til meirforbruk	2 902 000	-2 902 000			
Auka sjukepleiardekning jmf. Kompetansekrav		112 000			
Bergtun, overgang til aktiv nattevakt		332 000			
Bergtun, Dokumentasjon av tvangsvedtak		425 000	-425 000		
Bergtun, endring i tenestetilbod		2 576 000			
Kostnads- og effektiveringsgj.g. - forsinka innfasing av ny omsorgstruktur		4 710 000		-2 710 000	-2 000 000
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	911 857	968 507			
Utgåande ramme	**50 708 000**	**49 740 507**	**47 354 507**	**44 644 507**	**42 644 507**

Tilrådde tiltak:

Overgang til aktiv nattevakt

Gjere alle timar på nattevakt til aktive nattevaktstimar. Lønnskonsekvensar er på ca 250 000,- kr. pr år. Den noverande ordninga med passive nattevakter (dvs ikkje fullt ut betalte nattevakter), får vi ikkje kvalifiserte søkjarar til. Dette har ei stor innverknad på bruk av overtid, og innleie av ikkje kvalifisert personell.

Vi har hatt tilsyn frå Fylkesmannen i tenestene for tiltak funksjonshemma og avlastning. Vi har per i dag avvik fordi vi ikkje får rekruttert personell med den kompetanse som det er krav om for å utføre teneste til personar med psykisk utviklingshemming (tvangsvedtak kap 9 i Helse og omsorgstenestelova).

Konsekvensane av endringa er at vi får rekruttert fagutdanna ressursar inn på natt og dermed meir stabil drift, i motsetning til dagens ordning der vi må nytte ressursar på overtid.

Meirkostnaden med endringa vil medføre mindre innleige av vikarar og bruk av overtid.

Dokumentasjon av tvangsvedtak

Det er naudsynt med bruk av høgskuleutdanna personell til å utføre dokumentasjon jmf krava i lovverk som gjeld tvangsvedtak. Dette kan gjerast ved å ta ut 1 dag per veke på turnus for fire helsefagarbeidarar til saman utgjer dette 80% stilling. Bakgrunnen for dette er eit stort behov for å forbedre dokumentasjon og oppfølging av tvangsvedtak. Vi har hatt tilsyn frå Fylkesmannen og har per i dag avvik på manglande dokumentasjon i elektronisk pasientjournal. Det er per i dag avvik på at vi ikkje har gode nok rutiner på opplæring og arbeid med dei brukarane som har tvangsvedtak. Dette skal følges opp av personell med høgskoleutdanning. Vi må ha auke i fastlønnskostnadar for høgskoleutdanna personell på 80% stilling for å frigjere tid til å dekke dokumentasjonskrava i elektronisk pasientjournal, og opplæring av personell som skal følge opp brukarar med tvangsvedtak.

Auka stilling gjeld utelukkende for 2018.

Endra tenestetilbod Bergtun

Legg inn netto auke på stillingar knytt til ny venta vedtak for ny bebuar ved Bergtun
Dvs. 1,16 stillingar med årsløn kr. 400.000,-.

Auka sjukepleiardekning

Eininga rår til at 2 hjelpepleiarstillingar vert gjort om til 2 sjukepleiarstillingar i 2018. Kommunane tek over ansvar frå Helseforetaka, noko som gjer at behovet for auka kompetansenivå på sjukeheim blir eit heilt naudsynt tiltak for å møte krava til behandling av pasientar, og ikkje minst krava til rett dokumentasjon i pasientjournal. Aukraheimen hadde tilsyn frå Fylkesmannen våren 2016, og vi arbeider med å ha eit forsvarleg og høgt nivå på dokumentasjon i pasientjournal. Dette var eit av avvika som vart avdekka i tilsynet.

32 Eining heimetenester

Presentasjon av tenesteområdet

Eining heimetenester har ansvar for teneste til brukarar som bur heime

- Omsorg ved livets slutt, kreftsjukepleie i tillegg til dei tradisjonelle heimetenestene som har vedtak på tenester
- Kvardagsrehabilitering og grupper med balansetrening i samarbeid med Helse
- Demensomsorg
- Psykisk helse og rus
- Matombringing er i samarbeid med frivillige og Frivillig sentralen. Dagsenterdrift er for målgrupper eldre, aktivitet/trening, demensomsorg og psykisk helse.

Overordna mål i «Omsorgsplan 2020 for Aukra kommune» omtalar at tenestene

- Skal ha fokus på aktivitet uavhengig av funksjonsnivå.
- Skal styrke satsinga på førebyggjande helsearbeid på tvers av tenesteområda.
- Skal sikre at alle som treng det får rehabilitering uavhengig av alder, diagnose og funksjonsnedsetting.
- Heimetenesta skal gje tilrettelagte tenester slik at den enkelte kan meistre eigen kvardag heime lengst mogleg.
- Mottakarar av omsorgstenester skal kunne delta aktivt i lokalsamfunnet.

Eining heimetenester er i utvikling til ein organisasjon som skal meistre utfordringane som samfunnsutviklinga og nasjonale føringar krev når det gjeld somatiske-, psykisk helse- og ruslidingar. For å sikre kvalitet på tenester er det behov for mål og langsiktige tiltak som ein gradvis kan implementere i organisasjonen. Det gjeld både korleis ein organiserer tenestene, personalet sin kompetanse og korleis dei utøver rolla si som medarbeidar i Aukra kommune.

Nivå på tenester

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle med behov for helse- og omsorgstenester, uavhengig av alder eller diagnose jf *Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-1, 3-2 og 4-1, Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a, Helsepersonelloven § 4, Forvaltningsloven §17 og forskrifter*
Tenester vert vedteke etter søknad og individuell kartlegging. Systematisk kartlegging for å få fram ressursar, behov og kva som er viktig i for den enkelte er grunnlag for å tilpasse vedtak om tenester. Aktivitet og styrking av brukarane sine eigne ressursar er viktig for å styrke meistring i eige liv.

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiplanperioden

Områder som eininga har fokus på er brukar perspektivet, tenesteproduksjonen og personalet. Aukra kommune er i en prosess for å imøtekomme framtida sine utfordringar på ein best mogleg måte. Ein ser på strukturelle endringar for å utnytte ressursane på ein betre måte. 8 rom på institusjonen er omgjort til omsorgsbustader med heildøgnsomsorg som midlertidig løysing. Heimesjukepleia har tenester til bebuarane. Når ein minkar talet på plassar i institusjon, har det verknad på tenestenivået i heimane. Kommunen har som målsetting at dei som ønskjer det skal få bu og leve i eige liv heime lengst mogleg. I periodar kan det krevje ekstra ressursar.

Val av velferdsteknologiske løysingar som skal sikre kvalitet på dokumentasjon, effektivisere drift og trygge tenestene skal implementerast neste år for å skape god overgang til nytt omsorgssenter.

Delmål i økonomiplanperioden

- At Pleie og omsorg har effektiv og funksjonell organisering av tenestene

- Sikre forvaltning i samsvar med lovverk og brukarane sine behov og rettigheiter
- Sikre brukarmedverknad i innføring av kvardagsrehabilitering
- Innføre velferdsteknologiske løysingar og etablere teknologien i tenesteproduksjon
- Omlegging av drift mot innflytting i nytt omsorgssenter
- Utvikle tenester i tråd med Handlingsplan rus og psykisk helse sine føringar.
- Sikre god leiing og godt medarbeidarskap som skaper godt arbeidsmiljø og reduksjon av sjukefråvere
- Arbeide systematisk for å at alle medarbeidarane har god grunnleggande kompetanse og eit utval har fagpersonar har spesialkompetanse som kan ivareta framtidas krav til tenesteyting

Utfordringar og tiltak for 2018

- Vidareutvikle dagsenterdrift slik at innhald vert meir målretta mot brukarane sine behov.
- Styrke kompetanse og ressursane i psykisk helse og rusomsorga.
- Vidareføre og kvalitetssikre systematisk kvardagsrehabilitering i tenesteytinga ved hjelp av heimetrening
- Prosess med innflytting og etablering av drift av tenester til bebuarar i omsorgsbustadane .
- Implementere velferdsteknologiske løysingar i tenester til brukarane.

Driftsramme for 2018 – 2021

32 Tenester til heimebuande	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**26 192 324**	**30 733 000**	**31 317 768**	**31 757 766**	**31 757 766**
Kvardagsrehabilitering	-182 927				
Tryggleiksalarm drift					
Psykisk helse og rus forutsett at tilskot ikkje blir gjeve	244 230				
Drift velferdsteknologi	100 000				
Kostnads- og effektiviseringsgj.g. - Omlegging drift til heildøgns omsorg	1 349 204	4 001 088	1 329 265		
Kostnad og effektivseringsgj.g. -Omlegging drift til heildøgns omsorg - brukarar flyttar til midlertidig omsorgsbustad	-562 545	-1 694 547	-566 267		
2. tertial: midlertidig auke i ramme knytt til meirforbruk	3 118 000	-3 118 000			
Vidareføring av prosjektstilling demens		323 000	-323 000		
Auka behov for brukarstyrt personleg assistent		399 000			
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	474 714	674 227			
Utgåande ramme	**30 733 000**	**31 317 768**	**31 757 766**	**31 757 766**	**31 757 766**

Tilrådde tiltak:

Videreføring av prosjektstilling demens
Prosjektet "Fortsatt godt liv med demenssykdom med støtte, kunnskap og rett hjelp til rett tid" vart starta med midlar frå Helsedirektoratet for 1 år. 60 % prosjektmedarbeidarstilling er finansiert i proskjektet dette året. Videreføring til fast stilling fra april 2018 i tråd med utvikling av demensteam for systematisk kartlegging og oppfølging i tråd med Demensplanen.

Brukarstyrt personleg assistent
Endring i tenestebehov til brukarar som har vedtak om brukarstyrt assistent (BPA). Vedtakstimane er dobla i 2017. Tilbod om BPA er inkludert i dei lovpålagte tenestene jf Lov om helse og omsorgstenester.

40 Helse

Presentasjon av tenesteområdet

Helse administrerer legetenester, fysioterapi, ergoterapi med hjelpemidler, ambulanse- og legeskyssbåt og legevakt og kommunale akutte døgnplasser (KAD senger) som er etablert i Molde. Dessutan førebyggjande tenester som helsestasjon, fallførebyggjande trening, skolehelseteneste, jordmorteneste og frisklivssentral. I tillegg kjem beredskap, psykososial krisehandtering, miljøretta helsevern og medisinsk fagleg rådgjeving.

Overordna mål

Befolkninga skal ha tilgang på helsetenester som vert gjeve på en forsvarleg og effektiv måte. Tenestene skal ha høg fagleg kvalitet tilpassa brukarane sine behov. Arbeidet skal vere tufta på verdiane fagleg solid, vere å lita på, nyskapande, open og respektfull. Vi legg vekt på god samhandling. Helsetenesta skal sikre best mogleg kvalitet og nivå på tenestene til den enkelte pasient og unngå unødvendig forbruk av sjukehustenester i tråd med samhandlingsreforma.

Nivå på tenester

Det er eit bra nivå på alle helsetenester i kommunen og i alle stillingar er det tilsett kvalifisert personell med relevant utdanning og erfaring. Skulehelsetenesta er styrka og vi har oppretta frisklivssentral med vekt på førebyggjande tenester. Ambulanseteneste i nær samarbeid med legevakt gir tryggleik, sikrar beredskap og tilgang på legetenester heile døgnet.

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiperioden

Samhandlingsreforma er basert på folkehelselova og helse- og omsorgstenestelova og gir kommunen auka ansvar for kurativ og førebyggjande tenester. Målretta førebyggjande tenester som til dømes fallførebyggjande arbeid og frisklivssentral har som mål å redusere behov for helsetenester på sikt. Frisklivssentralen treng midlar til vidare drift.

I folkehelsemeldinga ber ein om at kommunane styrker helsestasjon og skulehelsetenesta. Helsesøstrane treng auka kompetanse i foreldreveiledning. Det er behov for psykolog i kommunehelsetenesta. Det kan bli aktuelt å opprette ei 40 % psykologstilling i 2019 for m.a. å styrke psykisk helse for barn og unge.

Fleire eldre med kroniske og alvorlege sjukdommar, færre sjukeheimsplassar og senger på sjukehusa, overføringa av meir ansvar frå sjukehusspesialistar til fastlegane har ført til større behov for kommunale helsetenester og beredskap. God samhandling mellom helsetenesta og PLO må bli betre for å sikre riktig nivå på pleie og omsorgstenester.
Etter 1. januar 2017 skal allmennlegar vere spesialist eller under spesialisering i allmennmedisin.

Dessutan er det krav til bakvakt for legar som ikkje oppfyller krava. I 2018 blir det vurdert om legevakta for Aukra skal fortsette samarbeidet med Midsund og Sandøy eller om tenesta vert sentralisert i eit stor legevaktsdistrikt lokalisert i Molde.

Endring i bemanning på ambulansebåten og fordeling av utgifter med helseforetaket blir vurdert i 2018. I 2019 går avtalen om drift av ambulansebåten ut og vidare drift må tas opp i samtalar med helseforetaket.

Frå 2017 skal kommunale akutte døgnplasser òg omfatte personar med rus og akutt psykiatri.

Kostnadsnivået for budsjettet er usikkert p.g.a moglege endringar for legevakt og ambulansebåt.

Delmål i økonomiplanperioden

- Vidareføre ei forsvarleg legevakt.
- Avklare drift av ambulansebåt.
- Vaksinedekning nær 100 %.
- 75 % amming ved 5 mnd. alder.
- 100 % oppslutning på heimebesøk av jordmor og helsesøster.
- Opprette foreldrerettleiing.
- Sikre god samhandling mellom helse og PLO.
- Styrke det psykiske helsetilbodet for barn og unge.
- Få tilsett psykolog.
- Utarbeide ny pandemiplan.
- Få etablert tannlegeteneste i Aukra.

Driftsramme for 2018 – 2021

40 Helse	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**10 609 778**	**12 915 000**	**13 107 806**	**12 426 806**	**12 426 806**
Akutt hjelp døgntilbod - utviding til og å gjelde rus og psykiatri	71 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-313 000	-313 000	-208 000		
1 tertial: Auka utgifter til legevaktssamarbeid	550 000				
1 tertial: 10% lønsandel for dataansvarleg Cosdoc	70 000				
1 tertial: Midlertidig auke i bemanning på Dr. Rieber	520 000	-520 000			
2 tertial: auke i sjukevikarutgifter med verkand fram til 01.05.2018	550 000	-377 000	-173 000		
2 tertial: Auke i legevaktssamarbeidet	627 000				
Ny kommunelege		1 027 000	-300 000		
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	230 222	375 806			
Utgåande ramme	**12 915 000**	**13 107 806**	**12 426 806**	**12 426 806**	**12 426 806**

Tilrådde tiltak:

Fastlegeløysing i Aukra kommune

Det er utfordrande å rekruttere fastlegar, også i Aukra. Det er få kvalifiserte søkjarar til stillingane. Dette får betydning for kostnadane. Frå januar 2018 vert det ein ny fastlege i Aukra som erstattar ein avtroppande. I tillegg til auke i lønskostnadane til legane, har vi også valt å forhandle om å kjøpe ut praksisen til avtroppande lege. Dette for at vi ved seinare høve ikkje skal risikere at legar takkar nei til jobb i Aukra, fordi dei sjølve ikkje vil betale kompensasjon (goodwill) til avtroppande lege. Dette verkar inn på kostnadane i 2018 med eit beløp av usikker størrelse.

50 NAV

Presentasjon av tenesteområdet

NAV Aukra er arbeids- og velferdskontoret i kommunen. NAV betener både statlege og kommunale tenester. På den statlege sida er hovudoppgåvene våre å hjelpe menneske til å kome i arbeid, yte rekrutteringsbistand overfor arbeidsgjevarar og informere og rettleie omkring 50 statlege trygdeytingar. På den kommunale sida har einings ansvar for sosialadministrasjonen i kommunen. Dette inneber ansvar for førebyggjande sosialt arbeid, råd og rettleiing, økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving, særlege tiltak overfor rusmiddelbrukarar, Husbanken sine låne- og tilskotsordningar for private, reiserett med transporttenesta og parkeringskort for rørslehemma.

NAV Aukra skal levere tenester som byggjer opp under hovudmåla til NAV, disse er:
- fleire i arbeid og aktivitet, færre på stønad
- ein velfungerande arbeidsmarknad
- rett teneste og stønad til rett tid
- god service tilpassa brukaren sine føresetnader og behov
- ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

I tillegg ligg følgjande lokale mål til grunn for samarbeidet:
- Utvikle gode samarbeidsformer med andre kommunale og statlege tenester.
- Utvikle gode samarbeidsrelasjonar med eksterne tenesteleverandørar og institusjonar.
- Brukarane som tek kontakt med kontoret skal oppleve å bli tatt på alvor, bli møtt med respekt og møte kompetente og løysingsorienterte medarbeidarar.
- Arbeidsmiljøet skal vere inkluderande, prega av openheit, respekt for kvarandre og bruk av den enkelte sin kompetanse.
-

NAV Aukra har i dag 5,5 tilsette, 2,6 kommunale årsverk, 3 faste statlege årsverk. 2 av dei faste statlege tilsette har permisjon fram til desember 2018 og ei til desember 2019. I dei stillingane er det no tilsett 1 i mellombels stilling og vi er i gong med å rekruttere to nye tilsette i mellombelse stillingar.

Nivå på tenester

Etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga, paragraf 3 og 4, har kommunen ansvar for å utføre oppgåver og å yte tenester etter denne lova for alle som oppheld seg i kommunen. Tenestene som ytes skal vere forsvarlege.
Loven regulerer i tillegg dei generelle oppgåvene som kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga har ansvar for. Dette gjeld mellom anna generell førebyggjande verksemd, informasjon til kommunen sine innbyggarar, samarbeid med andre deler av forvaltninga og frivillige organisasjonar og bustadar til vanskelegstelte.

NAV Aukra sine individuelle tenester er på forsvarleg nivå. Når det gjeld generell førebyggande verksemd og informasjon til kommunen sine innbyggarar, så har tenestene våre hatt ei positiv utvikling. Vi har nå god informasjon på kommunen si heimeside og vi fokuserer på førebyggande arbeid i kontakt med våre brukarar, spesielt gjeld dette personleg økonomi.

NAV har ansvar for å hjelpe brukarar med å finne eit mellombels botilbod i ein naudsituasjon. Det er mangel på mellombelse bustadar i kommunen.

NAV Aukra har ansvar for Husbanken sine låne- og tilskotsordningar.

Etter Bustøttelova, paragraf 1, er målet med den statlege bustønaden å sikre personar med låge inntekter og høge bustadutgifter ein høveleg bustad.
Etter Forskrift om startlån frå Husbanken, skal startlån tildelast kommunar for vidare utlån. Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde denne. Startlån skal tildelast etter ei behovsprøving. Husbanken sine ordningar vert forvaltar etter Husbanken sitt regelverk.

Utvikling av eininga i økonomiplanperioden

Regjeringa innfører aktivitetsplikt til mottakarar av økonomisk sosialhjelp under 30 år. Dette innebar at kommunane skal ha plikt til å gje eit tilsvarande arbeidsretta aktivitetstilbod. Aukra manglar dette.

Alle tilsette ved NAV Aukra skal vere med på gjennomføring av fagdag i sosialtenestelova, der fokus vert aktivitetsplikt for dei som er mottakarar av økonomisk sosialhjelp under 30 år.

Delmål i økonomiplanperioden

- Auka individuelt tilpassa tiltaks- og virkemiddelbruk, derunder auke bruken av moglegheitene i kommunen
- Auka tilgang på mellombelse bustadar i kommunen
- Auka samhandling med brukarar og samarbeidspartnarar, spesielt vektlegging av tettare samarbeid mellom fleire einingar i kommunen.
- Gjennomsnittsscore i brukarundersøkelsen på spørsmål om helhetlig service skal være 4,5 for både personbrukarar og arbeidsgjevarar

Utfordringar og tiltak for 2018

Aukra kommune manglar i dag eit arbeidsretta lågterskeltilbod om arbeidsretta aktivitet retta mot brukarar som står litt lenger frå arbeidslivet. NAV Aukra er under ei rekrutteringsprosess for å tilsette ein person i midlertidig stilling på sitt statlige budsjett som jobbar med å opprette eit slikt tilbod.

- Nav Aukra skal prioritere arbeidet med å få lagt til rette for eit permanent arbeidsretta aktivitetstilbod i kommunen, ei av tiltaka kan vere gjennom tettare samarbeid på tvers av einingane.
  Det er mangel på mellombelse bustadar i kommunen.
- NAV Aukra skal prioritere arbeidet med dei tiltaka som vi har fått ansvar for i kommunen sin bustadsosial handlingsplan.

Vi ser at ein auking i bruk av sosiale lån og økonomisk sosialhjelp.

- NAV Aukra ynskjer ei auka fokus på førebyggjande arbeid og tiltak, blant anna gjennom auka bruk av økonomisk gjeldsrådgjeving.

Fleire av brukarane til NAV-kontoret er òg brukarar av tenester i andre einingar i kommunen. For å styrke tilbodet, og nytte den samla fagkompetansen i kommunen og ressursane i samfunnet til brukaranes beste, ser vi behov for eit godt samarbeid med brukarane og mellom einingane i kommunen, næringslivet og frivillige organisasjonar. NAV Aukra ynskjer å være ein pådrivar i å vidareutvikle dette samarbeidet òg i 2018. Vi vil spesielt prioritere samarbeidet og tenesteutvikling retta mot arbeid, spesielt innanfor dei ulike gruppene: unge under 30 år, innvandrarar som har avslutta introduksjonsprogrammet utan å ha vidare tilbod, arbeidsledige som har vore utan arbeid over lengre tid

- Auka bruk av ordinært arbeidsliv som tiltak (arbeidspraksis)
- Vi identifiserer raskare kva for brukarar som har mest behov for bistanden vår
- Vi bidreg til ein meir saumlaus interaksjon med andre offentlege etatar gjennom raus samhandling

Driftsramme for 2018 – 2021

50 NAV	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**3 461 192**	**3 379 000**	**3 453 116**	**3 453 116**	**3 453 116**
Innlemming av boligsosialt tilskot i rammetilskotet	7 000				
Aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakere - delvis finansiert med overføring frå Innvandring og integrering , resten finansieres med eksterne tilskot og motteke rammetilskot kr. 25.000,-.	25 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-150 000				
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	35 808	74 116			
Utgåande ramme	**3 379 000**	**3 453 116**	**3 453 116**	**3 453 116**	**3 453 116**

Omorganisering av eining 60 og 62

«Frå 1.1.2018 vil *Eining for Utbygging*, *Eining for Plan og Utvikling* og *Eining for Teknikk, eigedom og brann* bli slått saman til ei eining. Då budsjettet vart utforma var ikkje ny organisering av tenestene i ny eining bestemt. Difor er budsjettet for 2018 utforma etter gjeldande organisasjonsmodell.
Økonomirapportering for 2018 vert gjort på same måte men ramma vert sett på samla for dei tre einingane.»

Samla driftsramme for eining for tekniske tenester 2018 – 2021

60/62 Tekniske tenester	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Felles ramme	**25 921 895**	**25 509 000**	**26 556 533**	**25 353 533**	**25 353 533**
Etterbruk/riving av vasstårn	100 000	600 000	-700 000		
Vedlikehald for turstiar - ansvar og ramme overføres frå Kultur	35 000				
2013: 1. tert.: prosjektstilling 100% i tre år	-189 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-755 000	-755 000	-503 000		
Ny leiar i felles eining		1 036 000			
RORikt - overføring av utgifter til Norkart		-343 000			
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	496 105	509 533			
	25 509 000	**26 556 533**	**25 353 533**	**25 353 533**	**25 353 533**

60 Plan, utvikling og samfunn

Presentasjon av tenesteområdet

Eininga utfører og deltek i arbeid med: Kommuneplaner og fagplaner, reguleringsplaner, byggesak, oppmåling, kart-tenester og adressering, kjøp og sal av eigedom og ein del næringssaker. Eininga har ansvar for landbrukstenestene og natur- og miljøforvalting. Aukra kjøper landbrukstenestene og viltforvalting frå Fræna kommune tilsvarande 60 % stilling.

Tre av fire overordna mål i kommuneplanen sin samfunnsdel grip inn i arbeidet i einina: Aukra skal vere attraktiv som bukommune, attraktiv for lokalt og regionalt næringsliv og utvikle Julsundet og Falkhytten som tettstader. Dette, i tillegg til ikkje – lovpålagt og lovpålagt planarbeid søker einina å nå gjennom:

- Effektiv saksbehandling
- God kvalitet på tenestene
- God informasjon til innbyggarane og næringslivet
- Oppdatert plan- og styringsverktøy
- Trivsel på arbeidsplassen
- Tettstadutvikling har fått ein særleg plass i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Nivå på tenester

Mange av tenestene i einina er lov- og regelstyrt. Lover og forskrifter set standard for korleis saker skal handsamast, set tidsfristar for saksbehandlinga og har reglar for innkrevjing av brukarbetaling. Typiske døme på slik forvalting er byggsak og oppmålings- og matrikkelarbeid. Det er få klagesaker. Fristane vert stort sett haldne. Einina behandlar eigne plansaker (reguleringsplanar og kommuneplanar) og private reguleringsplanar. Utarbeiding av arealbruksplanar handlar om å lage samspel mellom ulik arealbruk og gjere avvegingar mellom knappe ressursar. I dette kan det oppstå interessemotsetnader.

Kvaliteten på planarbeidet er knytt til involvering av brukarinteresser, klargjering av alternative løysingar, halde tidsfristar og utarbeiding av saksframlegg til politisk behandling. Planframlegga møter til tider motsegn frå overordna mynde, men dette har meir årsak i lokale prioriteringar enn kvaliteten på planarbeidet. Det er til tider stor pågang for å få ferdig planarbeid. Dette gjeld både private reguleringsplaner og reguleringsplaner som legg grunnlaget for kommunestyret sine investeringstiltak. Einina ser det som viktig å halde god kontakt med Utbyggingsavdelinga og eining for Teknikk, eigedom og brann for å sikre tverrfagleg og tidsrett gjennomføring av investeringsprosjekt (private prosjekt og kommunen sine eigne prosjekt). Einina produserer eigne planer og administrerer innleidde konsulentar i deira planarbeid. Tidvis er det krevjande å halde nok framdrift når det er mange planer under arbeid samstundes. Førebels tek vi unna arbeidet. Kjøp av tenester innan landbruk og viltforvalting frå Fræna fungerer tilfredstillande.

Utvikling av einina / tenesteområdet i økonomiplanperioden

Det har vore arbeidd med fagområda byggsak og oppmåling, og fagområda har fått eit fagleg løft. Sidan førre budsjettsak har fagansvarleg for oppmålingstenester slutta. Fagområdet blir no dekka med innleidd teneste. Aktiviteten på fagområdet varierer mykje, og mykje tyder på at innleie av teneste er meir rett tilpassing til aktivitetsnivået. Saksbehandlingstida ligg innafor fristkrava. Det er lagt fram eit forslag til endring av matrikkellova som opnar for at private firma kan levere oppmålingstenester. Fram til ei slik endring måtte bli godkjent, får denne ingen konsekvens for drifta av fagfeltet. Einina står framfor ei stor administrativ omorganisering der alle dei tekniske tenestene skal samlast i ei eining frå 01.01.2018. Alle arbeidsoppgåver blir tatt hand om i omstillingsfasen. Budsjettet for 2018 blir laga etter same mal som før, då ny organisering enno ikkje er kjend.

Delmål i økonomiplanperioden

- Sluttføring av kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Planlegge gjennomføringa av konkrete planar knytt til vedteken planstrategi.
- Sikre god medverknad og engasjement omkring planarbeid.
- Oppstart og ferdigstilling av reguleringsplaner. Private planer og eigne planer som er grunnlag for vedtekne utbyggingsprosjekt.
- Ferdigstilling av reguleringsplan for Kjerringsundet, fastlandsambandet når endeleg plan er mottatt frå Kjerringsundet AS.
- Aktiv deltaking i utforming av den nye tekniske eininga.
- Innarbeide sjølvkostprinsippa på aktuelle tenesteområde

Utfordringar og tiltak for 2018

- Framhald med kompetanseheving innan fagfelta byggsak og oppmåling.
- Auke kvaliteten på reguleringsføresegner slik at byggsakbehandlinga kan gli lettare, tettare samarbeid med sluttbrukarar.
- Tverrfagleg samarbeid med TEB om leidningskart, oppmåling og vassressursforvalting (delt stillingsressurs).
- Konkretisering og fordeling av ansvar i kommuneorganisasjonen innafor fagfeltet eigedomsforvalting. Viktig fagfelt i den nye tekniske eininga.
- Planlegge tomtesal på Torhaugmyra aust, første halvår 2018.
- Kjerringsundet AS leverer nye planløysingar for fastlandssambandet for Gossen. Eininga skal koordinere planarbeidet og gjere naudsynt saksbehandling fram mot nye høyringar og vedtak.
- Fagleiar for plan- og byggsak og geodata blir leigd ut i 60% stilling til ROR IKT for å innføre nytt sak- og arkivsystem fram til sommar 2018. Dette blir utfordrande for fagfeltet. Eininga får kompensert lønsmidlar frå ROR IKT som kan nyttast til kjøp av saksbehandlerkompetanse.
- Framhald med tilrettelegging av karttenester på nett gjennom ny heimeside. Eininga arbeider tett med serviceavdelinga i høve nettsidene.
- Ajourhald av kartgrunnlaget gjennom Geovekst-samarbeidet og Statens Kartverk.

Driftsramme for 2018 – 2021

60 Plan utvikling og samfunn	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**3 708 585**	**3 587 000**	**3 841 340**	**3 773 340**	**3 773 340**
2013: 1. tert.: prosjektstilling 100% i tre år	-189 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-102 000	-102 000	-68 000		
Ny leiar i felles eining		518 000			
RORikt - overføring av utgifter til Norkart		-343 000			
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	169 415	181 340			
Utgåande ramme	**3 587 000**	**3 841 340**	**3 773 340**	**3 773 340**	**3 773 340**

Tilrådde tiltak:

Leiar omorganisert TEB

Frå 01.01.2018 vil einingane Teknikk, eigedom og brann, Plan, utvikling og samfunn og Utbyggingsavdeling bli samla i ei eining. Ny leiar er tilsett frå 01.01.2018 og løn på denne stillinga er lagt inn med 50% på kvar av driftseiningane.

ROR ikt - dekning av utgifter til Norkart

Det er inngått eit samarbeid med ROR ikt og Norkart om drift og support av IKT systemer.

62 Teknikk, eigedom og brann

Presentasjon av tenesteområdet

Følgjande tenester vert ivaretatt av eininga: Teknikk, eigedom og brann (TEB)

- Vatn, avløp og renovasjon, (VAR - området).
- Vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar.
- Kommunal samferdsel som kommunale vegar, veglys og vegtekniske anlegg.
- Forvaltningsoppgåver etter lov (Eksempel; brannlov, forureiningslov og veglov med vidare).
- Brannvern, utrykkings- og tilsynsområdet
- Gjennomføring av mindre investeringsprosjekt (under 3. mill. kr) innanfor bygg og anlegg.

Overordna mål

Målsettinga for teknikk, eigedom og brann er å drive verksemda under dei budsjettrammer som vert gjeve med fokus på tenestekvalitet, HMS og samfunnsutvikling.

Organisering

Eininga er organisert med éin einingsleiar, tre fagleiarar, ti driftsoperatørar og 11,5 reinhaldarar. I tillegg kjem brannvern, som fagleg er underlagt Molde brannvesen

Nivå på tenester

Verksemda vert styrt etter lover, planverk og budsjett. I tillegg kjem mellom anna. dei lokale mål som det er vist til tidlegare.

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiplanperioden

Eininga står framfor ei administrativ omorganisering der alle dei tekniske tenestene skal samlast i ei ny eining frå 01.01.2018. Alle arbeidsoppgåver blir tatt hand om i omstillingsfasen. Budsjettet for 2018 blir laga etter same mal som før, då ny organisering enno ikkje er kjend.

Pris på leie/innkjøp av tenester er dyrare og aukar meir i regionen enn det elles gjer på landsgjennomsnittet, noko på grunn av Nyhamna, men og for få aktørar i regionen på enkelte områder. Eininga bør sjå om det er ytingar ein kan samarbeide med andre kommunar om, eller gjera noko av ytingane sjølv, til dømes vintervedlikehald.

Nytt omsorgssenter vil væra klart i løpet av første halvår og nye Julsundet skule vil væra klar på hausten, driftskostnader her kan ha enkelte usikre moment. Utvikling av kompetanse mot eit meir drift komplekst vedlikehald på grunn av ny byggmasse.

Innan eigedom drifta vi pr. 31.12.2017 ca. 35000 m2 bruksareal. Då er areal Aukratun trekt frå med 1066 m2. Det er elles viktig å halde nivået på vedlikehald oppe i økonomiplanperioden, spesielt for å ha ein tilfredsstillande standard med våre 44 leilegheiter.

Utskifting av asbestrøyr vil halde fram.

Delmål i økonomiplanperioden

- Bygge opp betre rutinar innan HMS
- Aktiv deltaking i utforming av den nye tekniske eininga
- Implementering av forsystem kommunale avgifter
- Trafikktryggingsplan, arbeidet vil fortsetta i 2018

- Sal av gamle fiskefagskulen
- Drift av inngåtte og framtidige utbyggingsavtalar mellom kommune og private utbyggarar
- Rett vekta abonnementsgebyr kommunaltenester på privat og bedrift.
- Programvare innan reinhald for å betre kvaliteten på tenesta
- Hovedplan innan vatn og avløp
- Etterdrift av eldre avfallsdeponi

Utfordringar og tiltak for 2018

- Arbeide vidare med høg fokus på god kvalitet og sikker leveranse i vassforsyninga.
- Eigedomsavdelinga, som har fått ein auka byggmasse, skal framleis ha fokus på effektivitetsauke og kvalitet, innanfor dei rammene som er gjeve.
- Tverrfagleg samarbeid med planavdelinga om leidningskart, oppmåling og vassressursforvalting (delt stillingsressurs).
- Nytt omsorgssenter og ombygd skule kan gi utfordringar på budsjettet, og ein må sette av ressursar til dette.

Driftsramme for 2018 – 2021

62 Teknikk, eigedom og brann	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021
Inngåande ramme	**22 213 310**	**21 922 000**	**22 715 193**	**21 580 193**	**21 580 193**
Tilrettelegging riving av vasstårn	-100 000				
Etterbruk/riving av vasstårn	100 000	600 000	-700 000		
Vedlikehald for turstiar - ansvar og ramme overføres frå Kultur	35 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-653 000	-653 000	-435 000		
Ny leiar i felles eining		518 000			
Resultat sentrale og lokale forhandlingar	326 690	328 193			
Utgåande ramme	**21 922 000**	**22 715 193**	**21 580 193**	**21 580 193**	**21 580 193**

Tilrådde tiltak:

Leiar omorganisert TEB

Frå 01.01.2018 vil einingane Teknikk, eigedom og brann, Plan, utvikling og samfunn og Utbyggingsavdeling bli samla i ei eining. Ny leiar er tilsett frå 01.01.2018 og løn på denne stillinga er lagt inn med 50% på kvar av driftseiningane.

Investering - Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

69 Utbyggingsavdelinga (UTB)

Presentasjon av eininga

Eininga si oppgåve er å gjennomføre større utbyggingsprosjekt frå ide, gjennom planlegging og til ferdigstilling. I hovudsak prosjekt med ramme over 3 mill. kroner.
Målsettinga er å gjennomføre vedtekne utbyggingsprosjekt innafor dei budsjettrammer som vert gjeve med fokus på kvalitet, HMS og framtidig drift. Eininga er organisert med ein einingsleiar, fagleiarar og tre prosjektmedarbeidarar/prosjektleiarar. Ved vakanse i stillingar vert dette kompensert med meir innleige.

Utvikling av eininga i økonomiplanperioden

Sikre god fagkompetansen innan prosjekt- og byggeleiing, områda innkjøp/anbod, kontraktar og økonomioppfølging. Laupande oppdatering spesielt innafor Norsk Standard og innafor innkjøpsreglane. Fokus på god kvalitet på det som vert bygd i alle fasar av gjennomføringa. God samordning mot einingane og brukarane spesielt i den tidlege fasen i prosjekt.

Målbare delmål i økonomiplanperioden

Gjennom god oppfølging sikre framdrift i prosjekta i samsvar med intensjonane i budsjettet og i samsvar med framdriftsplanen ved start av det enkelte prosjekt. Sluttrapportering innan fristane.

Utfordringar og tiltak for 2018

Investeringsbudsjettet har vore betydeleg i mange år og kommunen har store enkeltprosjekt som skal utgreiast og gjennomførast i økonomiplanperioden. Utbyggingsavdelinga kjøper tenester i høg grad på dei største prosjekta. Overordna prosjektstyring, utgreiing, oppfølging av kvalitet, interne prosedyrar og innkjøpsprosedyrar, vert utført i eigen regi.
I 2017 skal desse oppgåvene utførast for 12 -20 prosjekt i ulike fasar mellom start, planlegging og ferdigrapportering. Mellom desse fire store prosjekt i startfase samtidig. Aukra Omsorgssenter, Julsundet Skule og fleirbrukshus, Kulturhus og basseng samt feltutbygginga Torhaugmyra Aust. I tillegg mellomstore prosjekt som omsorgsbasen i Julsundet, utleigebustader i Julsundet og tilrettelagde bustader ved Bergtun Aust.

Budsjettskjema 2A og 2B

Investeringar i anleggsmidlar (Tala er i heile 1000 kr.)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017 m/end. *	Rekneskap 2016
10 Sentrale styringsorgan	1 228	1 228	1 228	1 228	1 150	1 315
20 Gossen barne- og ungdomsskole	-	-	-	-	107	550
21 Julsundet skole	34 115	-	-	-	74 049	16 115
22 Barnebo barnehage	500	29 500	26 000	-	1 800	137
23 Bergetippen barnehage	-	-	-	-		0
24 Innvandring og Integrering	-	-	-	-		
25 Kultur	5 300	7 300	42 000	149 200	2 416	314
30 Institusjon og butenesta	77 405	550	400	400	139 402	20 170
32 Tenester til heimebuande	2 005	1 050	1 150	1 150	1 800	380
40 Helse	-	-	-	-		0
50 NAV	-	-	-	-		0
60 Plan, utvikling og samfunn	-	-	-	-		568
62/65 Teknikk, eigedom og brann	-	-	-	-	39 631	26 111
60/62 Tekniske tenester	46 170	10 650	14 100	25 550	-	0
Sum anleggsmidlar	**166 723**	**50 278**	**84 878**	**177 528**	**260 355**	**65 660**
Utlån og forskutteringer	1 800	1 800	1 800	1 800	-	1 740
Kjøp av aksjer og andeler	902	902	902	902	-	924
Avdrag på lån	1 100	1 400	1 500	1 500	-	2 487
Avsetningar	-	-	-	-	-	662
Årets finansieringsbehov	**170 525**	**54 380**	**89 080**	**181 730**	**260 355**	**71 473**
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidlar	1 800	1 800	1 800	121 800	113 475	59 265
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	1 000	3 000	10 000	-	4 787	-208
Tilskot til investeringa	91 300	-	-	14 500	2 253	-
Mva-kompensasjon	25 294	8 966	16 456	34 416	50 307	8 752
Mottekne avdrag på utlån og refusj.	755	755	755	755	535	1 417
Andre inntekter	-	-	-	-	-	616
Sum ekstern finansiering	**120 149**	**14 521**	**29 011**	**171 471**	**171 357**	**69 841**
Overført frå driftsbudsjettet	-	-	-	-	-	-
Bruk av avsetningar	50 376	39 859	60 069	10 259	88 998	1 632
Sum finansiering	**170 525**	**54 380**	**89 080**	**181 730**	**260 355**	**71 473**
Udekket/udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

*Budsjett 2017 m/end er lik vedteke budsjett etter endringar i budsjettkorrigeringssak pr. 31.8.17

Investering – økonomiske oversikter budsjett og økonomiplan 2018 – 2021

Tal er i heile 1000	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017 m/end. *	Rekneskap 2016
Inntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	1 000	3 000	10 000	-	4 787	-208
Andre salgsinntekter	-	-	-	-	-	616
Overføringer med krav til motytelse	-	-	-	-	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	25 294	8 966	16 456	34 416	50 307	8 752
Statlige overføringer	91 300	-	-	4 500	2 233	-
Andre overføringer	-	-	-	10 000	20	-
Renteinntekter og utbytte	-	-	-	-	-	-
Sum inntekter	**117 594**	**11 966**	**26 456**	**48 916**	**57 347**	**9 160**
Utgifter						
Lønnsutgifter	-	-	-	-	-	2 393
Sosiale utgifter	-	-	-	-	-	636
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	166 723	50 278	84 878	177 528	260 355	52 885
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	-	-	-	-	-	934
Overføringer	-	-	-	-	-	8 810
Renteutgifter og omkostninger	-	-	-	-	-	3
Fordelte utgifter	-	-	-	-	-	-
Sum utgifter	**166 723**	**50 278**	**84 878**	**177 528**	**260 355**	**65 660**
Finanstransaksjoner						
Avdrag på lån	1 100	1 400	1 500	1 500	-	2 487
Utlån	1 800	1 800	1 800	1 800	-	1 740
Kjøp av aksjer og andeler	902	902	902	902	-	924
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	-	-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond	-	-	-	-	-	-
Avsatt til bundne investeringsfond	-	-	-	-	-	662
Avsatt til likviditetsreserve	-	-	-	-	-	-
Sum finansieringstransaksjoner	**3 802**	**4 102**	**4 202**	**4 202**	**-**	**5 813**
Finansieringsbehov	**52 931**	**42 414**	**62 624**	**132 814**	**203 008**	**62 314**
Dekket slik:						
Bruk av lån	1 800	1 800	1 800	121 800	113 475	59 265
Salg av aksjer og andeler	-	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	755	755	755	755	535	1 417
Overført fra driftsbudsjettet	-	-	-	-	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	50 376	39 859	60 069	10 259	88 998	-
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-	-	1 632
Bruk av likviditetsreserve	-	-	-	-	-	-
Sum finansiering	**52 931**	**42 414**	**62 624**	**132 814**	**203 008**	**62 314**
Udekket/udisponert	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**

*Som vedteke i budsjettkorrigeringssak pr. 31.8.17

Investeringar – store tiltak

Prosj. nr.	Beskriving	2018	2019	2020	2021	SUM
210200	Julsundet skole og fleirbrukshus	33 800	-	-	-	33 800
257000	Kulturhus og basseng	4 000	7 000	41 700	148 900	201 600
303201	Tilrettlagt bustad Bergtun bufellesskap	5 500	-	-	-	5 500
309200	Aukra omsorgssenter	63 000	-	-	-	63 000
616101	Torhaugmyra Aust	20 000	-	-	-	20 000
255008	Kunstisbane i tilknytning til energisentralen	0	0	0	300	300
645201	Sentrumsområdet Julsundet avkjøring	-	-	500	-	500
645204	Utbygging del av Falkhytten sentrum, alt 2	2 500	5 500	10 000	-	18 000
645206	Utbygging Falkhytten sentrum vest	900	-	-	-	900
648115	Hovudvassleidning Rødabukta - Rindarøya	5 000	4 300	-	-	9 300
648116	Utbygging regulering Rindarøya				500	500
648117	Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	3 900	-	-	-	3 900
648121	Opprusting Tverrlia, ny linje – planlegging				300	300
648519	Avløp Holmesundet	-	-	200	3 500	3 700
669001	Utleigebustader i Julsundet	6 000	-	-	-	6 000
669002	Nybygg Aukratun	500	29 500	26 000	-	56 000
679102	Gang- og sykkelveg Smågekrysset til Smågetoppen	-	-	200	9 000	9 200
	Riving og tilrettelegging for ny bruk av gamle Riksfjord skole	-	-	-	4 000	4 000
	Riving og tilrettelegging for ny bruk av Aukraheimen	-	-	-	4 000	4 000
	Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	3 900	-	-	-	3 900
	Ny hovudvassleidning Skarshaug - Løvik				100	100
	Ny vassleidning Løvik - Oterhalsen				100	100
	Sykkelveg Eidskrem-Molde grense	200				200
	Veglys Hogsnesvegen fram til snuplass i feltet, og Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota	4000				4 000
TOTALT		**153 200**	**46 300**	**78 600**	**170 700**	**448 800**

Julsundet skole og fleirbrukshus

Nytt skulebygg og fleirbrukshall samt noko ombygging av eksisterande bygg. Skulen er dimensjonert for 275 elevar og skal stå ferdig til skulestart 2018. Kommunestyret vedtok ramma på 12 mill. i november 2016. Prosjektet er delt i to kontraktar: Julsundet skole - Midlertidig løysing E01 og Julsundet skole og fleirbrukshus E02. Midlertidig løysing omfattar etablering av tre paviljongar på parkeringsplassen ved skolen/barnehagen,
uteområde for barnetrinna (nord-aust for eksisterande skule), flytting av ballbinge og støyskjerm. Røberg Bygg AS hadde denne kontrakten og det blei gjennomført overtaking i desember 2016. Betonmast Røsand AS har signert kontrakt for bygging og prosjektering av sjølve ombygginga og nybygg. Ombygging av eksisterande bygg er krevjande da ungdomstrinna og to av barnetrinna har undervisning vegg i vegg med ein byggeplass.
Etter ei hektisk periode i sommar der både entreprenør og tilsette har strekt seg langt for å få dette til, fungere skulen total sett godt. Det er avdekka ein del tilhøve i eksisterande bygg som må utbetrast. Dette kom fram i dagen først etter riving. Gjeld fuktskader, skjulte stakeluker, teknisk anlegg m.v. Dette kan medføre at reserveposten no vert for liten. Rådmannen kjem attende med eiga sak om mogleg for å auka ramma. Framdriftsmessig er prosjektet totalt sett i rute til ferdigstilling skulestart 2018. Nødvendig med korrigering av periodisering av løyve mellom 2017 og 2018.

Kulturhus og basseng

Kommunestyret vedtok ny oppstart med midlar til planleggings i k-sak 32/16. Mogeleg delfinansiering frå private aktørar var da redusert til 10 millionar kroner.
I f-sak 72/16 (august -16) vart det orientert om det vidare planarbeidet. Revidert oppstartsvedtak blei vedtatt i kommunestyret i k-sak 27/17. Økonomisk ramme for prosjektet er 192 000 000,- kr (2017). Det er da lagt til grunn eit hovudbasseng med lengde 16,67 m og fire banar. Bassenget skal planleggast med ein opsjon med eit hovudbasseng med lengde 25m. Ein tredje variant med delt vassflate med forskjellige temperatur er under vurdering og det vil bli informert meir detaljert om denne varianten. Denne løysinga kan gje lik eller lågare nettokostnad som følgje av eit høgare beløp tilført frå tippemidlar (meir enn 4,5 millonar). Endeleg omfang skal fremjast som politisk sak før signering av kontrakt. Byggestart er planlagt til 2019 med ferdigstilling i 2021.
I K-sak 55/17 vart det vedtatt å legge inn undervisningsareal for framandspråklege i bygget. Budsjettet er korrigert med 4,9 millionar i 2021.

Tilrettlagt bustad Bergtun bufellesskap
Prosjektet gjeld oppføring av to omsorgsleiligheter i 2017/2018.
Det vert no planlagt langsiktig med oppføring av inntil ti framtidige bueiningar i området kring Bergtun. Det er behov for minimum ein spesielt tilrettelagt bustad i løpet av 2018. Bygget er prosjektert og kalkyle er utarbeidd.
Kommunen vil med dagens regelverk kunne få eit investeringstilskot frå Husbanken på om lag 45 % pr. bueining. Denne tilskotsordninga vert det gitt førehandstilsegn på.

Aukra omsorgssenter
Oppstart av Aukra omsorgssenter vart vedtatt i september 2014 med ei budsjettramme på 252,5 millionar. Forprosjektet vart vedtatt i juni 2016 med budsjettert prosjektkostnad på til saman 207,6 millionar kroner. Aukra kommune har mottatt eit tilsagn om investeringstilskot frå Husbanken på 83 millionar. Framdrifta i prosjektet er som planlagt.

Torhaugmyra Aust
Prosjektet gjeld utbygging av området vist i reguleringsplan for Torhaugmyra Aust. Samla areal er på 65 da, hovudsakeleg til bustader og forretningsføremål. Vedtak om start av prosjektet var gjort i kommunestyresak 58/16. Etter framdriftsplanen skal prosjektet vere ferdig utbygd hausten 2018. Forsinka oppstart er årsak til korrigering av periodisering mellom 2017 og 2018.Sal av bustadtomter, areal til kombinert busetnad og kombinerte byggeføremål, skal dekke investeringa inklusive anleggsbidraget over tid.

Kunstisbane i tilknytning til energisentralen
Bygging av ein kunstisbane er først og framst eit bulysttiltak, eit tiltak for born og unge. Ideèn kom opp da vår fagkonsulent for energisentralen viste til at det her ligg spesielt godt til rette for eit slik anlegg.
Kunstisanlegget vil gje ein auka effekt på varmepumpa gjennom at temperaturen i energibrønnene blir noko høgare. Ved å bygge kunstisanlegget er det antyda at kommunen kan unngå å bygge ca 10 eneribrønnar og slik gje ein reduksjon på ca kr.1 mill i investeringane til energisentralen trinn II. Midlar til planlegging av eit kunstisanlegg i sentrum er lagt inn i 2021. Anlegget er eit tiltak som det kan søkes tippemidlar for når tiltaket er planlagt og kalkulert. Det er ikkje ført opp investeringbeløp ut over planleggingsmidlar da planlegging først må gjennomførast.

Sentrumsområdet Julsundet avkjøring
I samband med utarbeiding av kommuneplanen i 2015 (planomtale kommuneplanen p.k.t. 4.5.2) er alternative vegløysingar for ny avkjøyring på Fanghol utgreidd. Kryssløysing i plan var da estimert til mellom 42,5 og 52,5 millionar kroner. Kostnadene er for høge slik løysinga er omtalt i kommuneplanen og alternative løysingar må utgreiast. Vegeigar her er Statens Vegvesen og ombygging av hovudvegen er deira sitt ansvar. Så langt ein kjenner til er tiltak her ikkje med i Statens

Vegvesen sine planar for dei næraste åra. For å kunne påverke tidspunktet for tiltak her må det truleg til medfinansiering frå kommunen og mogeleg private utbyggarar. Planleggingsmidlanar er sett opp i 2020 med mogeleg gjennomføring i 2021 eller etter planperioden. Initiativ om finansiering frå vegvesenet, private utbyggjarar kan saman med kommunen sitt bidrag kunne framskunde prosjektet, men dette er ikkje situasjonen no.

Utbygging del av Falkhytten sentrum, alt 2
Reguleringsplanen Falkhytten sentrum, alt.2, er godkjend av kommunestyret i sak 32/14 den 08.05.14. Denne planen blir no detaljert i planarbeid under oppstart med høyringsfrist 21.08.2017. Planområdet dekker tidlegare utarbeidd områdeplan for Falkhytten sentrum. I tillegg er det tatt med eit område langs FV 220 frå kryss med FV 216 nordover til kryss med Nautnesvegen. Føremålet med planen er å legge til rette for plassering av sentrale sentrumsfunksjonar som kulturhus, svømmebasseng, hotell, forretningsføremål, parkering og gatetun. Prosjektet gjeld utbygging av dette arealet og riving av Soltun. Utbygging av offentleg vegareal og plassar skal skje samordna med kulturhus og basseng og må førebuast gjennom detaljering av reguleringsplanen i 2017, medan prosjektering og utarbeiding av gode kalkylar skal gjerast i 2018. Samla investeringar for full utbygging av veg og flater er her i størrelsesorden 18 mill.kr. Da er område langs FV 220 frå kryss med FV 216 nordover til kryss med Nautnesvegen og gatetun ikkje teke med i kostnadsvurderinga. Dette fordi endeleg løysing er ukjent i dag, og endeleg løysing vil bli avgjerande for kostnaden. Når planarbeid og prosjektering er gjennomført i 2018, vil ein ha betre talgrunnlag for 2019 og 2020. Vi må pårekne at budsjettbeløpet i 2019 kan bli betydeleg høgare.

Utbygging Falkhytten sentrum vest
Reguleringsplanen Falkhytten sentrum vest er godkjend av kommunestyret i sak 70/15 den 18.06.15, og planen legg til rette for offentlege vegar og plassar vest i sentrum kring omsorgssenteret, hotellet og helsesenteret. I 2017 var det gjennomført bygging offentleg vegareal ved omsorgssenteret og kring hotellet. Dersom vidare utbygging av vegtekniske anlegg og tomteareal mellom skolen og omsorgssenteret skal skje i økonomiplanperioden må dette førebuast gjennom prosjektering og utarbeiding av gode kalkyler. Det vert foreslått ein sum til flateopparbeiding av området mellom omsorgssenteret og skolen.

Hovudvassleidning Rødabukta - Rindarøya
Prosjektet gjeld utskifting av hovudvassleidning av asbestsementrør på strekninga frå parkeringsplass ved Rødabukta og til kryss til Rindarøya. Leidnings-strekket er hovudvassforsyninga til industriområdet på Rindarøya. Prosjektet er siste del fornying av hovudstrekket til eit område med eksisterande og framtidige produksjonsanlegg som må prioriterast for å sikre stabil vassleveranse.

Utbygging regulering Rindarøya
Prosjektet gjeld utbygging av offentleg vegareal i reguleringsplanen for Rindarøya.
Planen er godkjend av kommunestyret i sak 3/16 den 02.02.16, og stadfesta av fylkesmannen 06.07.16. Målet med reguleringsplanen er å legge til rette for gjennomføring av tiltak, og planen omfattar i tillegg til hovudveg med vegtekniske anlegg også gangveg med kulvertar. Bygging av gang- og sykkelveg er ei kommunal oppgåve medan bygging av hovudveg er ei oppgåve som vegeigar Statens Vegvesen har ansvar for. Ei utbygging her er ikkje prioritert av vegeigar så langt ein kjenner til. Planen inneheld nytt næringsareal som, når utbyggingsbehovet oppstår, mogeleg kan bidra til finansiering. Dersom utbygging av offentleg vegareal, eller delar av offentleg vegareal, skal skje i økonomiplanperioden, må dette førebuast gjennom prosjektering og utarbeiding av gode kalkyler. Samla investeringar for full utbygging av vegtekniske anlegg er her i størrelsesorden 50 mill.kr. Planleggingsmidlar bør budsjetterast året før for å vurdere om prosjektet er gjennomførbart. Planleggingsmidlar er teke med sist i økonomiplanperioden.

Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg

Utskifting av hovudvassleidning av asbestsementrør. På denne strekninga skal arbeidet planleggast samordna med tilrettelegging for forsyning til kulturhus og basseng.

Opprusting Tverrlia, ny linje – planlegging
Prosjektet gjeld utgreiing av nødvendig oppgradering i Tverrlia reinseanlegg. I 1996 blei reinseanlegget renovert og bygd om til fullreinseanlegg. I 2005 blei det bygd nytt høgdebasseng og pumpestasjon i Tverrlia. I 2010/2011 blei det installert 2 stk. UV aggregat som kvar dekker maks produksjonen på 216m3. Same år blei nedføringsleidninga frå behandlingsanlegget og fram til Jendem skifta ut. Det er no 20 år sia hovedombygginga og det vil vere behov for generell oppgradering og investering i dei to reinselinene, styringstekniske anlegg m.v. om nokre år.(Etter 25 år i 2012) Planleggingsmidlar er foreslått i 2021.

Avløp Holmesundet
Dette er eit området der det framleis er private anlegg i eit tettbygd område. 20 private enkeltutslipp til sjø. Prosjektkostnad vurdert til kr. 3.500.000. Midlar er lagt inn året før bygging.

Utleigebustader i Julsundet
Kommunstyret har vedtatt at det skal byggast fire utleigebustader i tilknytning til omsorgsbasen i Julsundet, og at desse skal del-finansierast med tilskot frå Husbanken. 1 million i tilskot er lagt inn her. Tomt er kjøpt på Mevold-feltet. Byggeprosjektet har vore lyst ut som ein pris- og designkonkurranse med samspel. Anbodet tilseier at budsjettløyvet må aukast med 2 millionar for å kunne gjennomføre utbygginga med fire bueiningar. Det er nødvendig med ei korrigering av periodisering mellom 2017 og 2018.

Nybygg Aukratun
Prosjektet gjeld bygging av eit nytt barnehagebygg ved Furutun. Bygget skal erstatte midlertidig barnehage på Riksfjord. I søknad om rammetillatelse for barnehagedrift på Riksfjord framgikk det at tiltaket var midlertidig for om lag 5 år. Ny barnehage ved Furutun er planlagt bygd med fem avdelingar for born 3-5 år. Det var ikkje utarbeidd romskjema for nettoareal og behovet for areal var ukjend i 2015-16 da prosjektet første gong kom inn i investeringsplanen med eit anslag på bruttoramme. Eit nytt barnehagebygg med fem avdelingar kvar på 140 m2 BRA og med ei dministrasjonsavdeling på om lag 300 m2 BRA, vert totalt areal på om lag 1400 m2 BTO. Det er då brukt erfaringstal på areal frå nybygget ved Bergetippen barnehage. Med ein kalkulert prosjektkostnad på kr.40.000 pr. m2, vert total kalkulert kostnad på om lag 56 millionar. Bygget er pr. dato ikkje prosjektert slik at dette er eit anslag på kostnadsbildet.

Gang- og sykkelveg Smågekrysset til Smågetoppen
Gang- og sykkelveg med veglys på ca. 1100 meter. Tiltaket er prioritert i Trafikktryggingsplana 2013-2016.
Prosjektet er kalkulert til om lag 9 millionar kroner. Planleggingsmidlar er foreslått i 2020.
Legg her til grunn at det kan oppnåst 2 mill.kr. i tilskott frå trafikktryggingsmidlar.

Riving og tilrettelegging for ny bruk av gamle Riksfjord skole
Riving av basseng- og mellombygg med tilpassing i 2021. Når kulturhus og basseng er ferdig vil aktivitetane som har midlertidige lokale i det gamle skulebygget flytte ut. Truleg vert løysinga ein kombinasjon av riving og tilpassing til nye formål. Prosjektet må utviklast/planleggast i 2018 -19 og kalkyle utarbeidast.

Riving og tilrettelegging for ny bruk av Aukraheimen
